- oppfylling, planering ved kryss med FV654
- diverse mindre justeringar (+/-) av diverse postar i anbudet

Rekneskapen syner følgjande forbruk:

-

Forbruk	Sum
Nyanlegg	20 550 253
Materialer til nyanlegg	244
Konsulenttenester	305 724
Grunnkjøp m.m.	1 491 994
Renteutgifter	114 216
Sum ekskl. mva	22 462 431

Rekneskapan syner ein netto totalkostnad på 22 462 431 kroner ekskl. mva. Med ei ramme/løyving på 21.960.000 kroner ekskl. mva. gir dette eit meirforbruk på 502.431 kroner ekskl. mva.

Meirforbruket må finansierast.

Prosjektgjennomføring:

Prosjektet vart gjennomført innafor avtalte tidsfristar. I samband med prosjektet og i mangel av steinmassar har ein også skote ut og planert eit område ved Ytre Herøy Ungdomsskule. Dette har gitt om lag 30 nye parkeringsplassar i tilknytning til skulen og stadion og auka trafikktryggleik ved avkøyringa til ungdomsskulen.

Vurdering og konklusjon:

Mesteparten av trafikken til Kulturhuset, Sunnmørsbadet, vidaregåande skule, barne- og ungdomsskulane og idrettsområdet ved Kulturhuset som tidlegare gikk etter Lisjebøvegen er no flytta til den nye vegparsellen. Dette har forbetra trafikktryggleiken vesentleg. Den nye vegparsellen har fylkes-/riksvegstandard med gang- og sykkelveg, god belysning og elles dimensjonert/utforma slik at den er formålstenleg som framtidig del av ny innfartsveg til Fosnavåg.

Prosjektet har høg standard og har vorte kostbart. Arkeologiske undersøkingar, grunnerverv, natursteinsmur mot Myklebustvatnet, støyvollar og tilrettelegging for vidare bygging av innfartsveg til Fosnavåg har vore med på å drage opp kostnadane. Dette vil imidlertid forenkle arbeidet med resterande del av ny innfartsveg til Fosnavåg når dette skal gjennomførast.

Rådmannen vil tilrå at den økonomiske avslutninga av prosjektet vert godkjent og at det vert løyvd midlar til å dekke meirforbruket på 502.431 kroner ekskl.mva.

Konsekvensar for drift:

Den nye vegparsellen vil medføre auka drifts- og vedlikehaldsutgifter i tilknytning til veg og veglys. Det er imidlertid ikkje råd å talfeste då ein ikkje har relevante erfaringsdata.

Fosnavåg, 01.02.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Fellessekretariatet

Statens vegvesen Region midt

Fylkeshuset
6404 Molde

Saksnr
2014/14

Arkiv
L81

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
FEL / HS

Dato
19.12.2014

K-SAK 157/14. VEG FRÅ MYKLEBUST TIL CAMPUS - GODKJENNING OG FINANSIERING

Vedlagt følgjer K-sak 157/14.

Kommunestyret handsama saka i møte 17.12.14 og gjorde slikt vedtak:

- 1. Herøy kommune vedtek å bygge vegarm frå Myklebust til Campus.***
- 2. Herøy kommune vedtek å løyve 11,8 mill kroner til prosjektet. Løyvinga vert finansiert ved låneopptak.***

Hilde Bringsvor Skinneres
e.f.





HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

-

Sakshandsamar:	LSH	Arkivsaknr:	2014/14
		Arkiv:	L81

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
225/14	Formannskapet	03.12.2014
157/14	Kommunestyret	17.12.2014

VEG FRÅ MYKLEBUST TIL CAMPUS - GODKJENNING OG FINANSIERING

Tilråding frå rådmannen:

1. Herøy kommune vedtek å bygge vegarm frå Myklebust til Campus.
2. Herøy kommune vedtek å løyve 11,8 mill kroner til prosjektet. Løyvinga vert finansiert ved låneopptak.

Møtebehandling:

H, Birger Furesund reiste habilitetsspørsmål då han er medeigar av entrepenørfirma som har gitt anbud på bygging av vegarm frå Myklebust til Campus. Han fråtrer under behandling av habilitet.

Birger Furesund vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40 FVL. §6, 1. ledd bokstav e.

Formannskapet si tilråding vart vedteken mot 3 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 17.12.2014

1. Herøy kommune vedtek å bygge vegarm frå Myklebust til Campus.
2. Herøy kommune vedtek å løyve 11,8 mill kroner til prosjektet. Løyvinga vert finansiert ved låneopptak.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Tilråding i Formannskapet - 03.12.2014

1. Herøy kommune vedtek å bygge vegarm frå Myklebust til Campus.
2. Herøy kommune vedtek å løyve 11,8 mill kroner til prosjektet. Løyvinga vert finansiert ved låneopptak.

Særutskrift:

Anleggs- og driftsavdelinga v/Lene S. Huldal, her

Statens vegvesen v/Arne Leikanger, arne.leikanger@vegvesen.no

Økonomileiar, her

Vedlegg:

- 1 Avtale med SVV
- 2 Oversiktskart
- 3 Avtale med grunneigar gnr/bnr 37/50

Bakgrunn:

Vedtak i K-sak 20/14, 27.02.2014:

1. *Herøy kommunestyre bed administrasjonen hente inn anbod på bygging av vegarm frå FV 654 Myklebust til kulturhusområde/badeland snarast råd. Kostnadsoverslag og finansiering skal leggest fram for kommunestyret for endeleg avgjerd før bygging av vegarma.*
2. *Herøy kommune godkjenner utkast til avtale mellom Herøy kommune og Statens vegvesen.*
3. *Ordførar har fullmakt til å signere avtalen på vegne av kommunen.*

Prosjektet er no detaljprosjektert og anbod er henta inn. Denne saka gjeld finansiering og endeleg vedtak om å byggje vegen.

Saksopplysningar:Dagens situasjon

I februar 2015 skal nytt badeland stå ferdig og vil føre til auka trafikkbelastninga på eksisterande veg (Lisjebøvegen frå kyrkja og ned til Campusområdet). Det er allereie mykje trafikk på denne vegen, hovudsaklig knytt til skule og fritidsaktivitetar. Vegen er ikkje dimensjonert for bussar og det er lite rom for utviding på dei smalaste punkta.

Ny veg

Den nye vegen som er planlagt frå Myklebust til Campus skal i framtida inngå som ein del av ny innfartsveg til Fosnavåg. Kommunen skal etter inngått avtale med Statens vegvesen, drifte vegen fram til fylket tek over når resten av innfartsvegen er utbygd. Som følgje av dette så skal Statens vegvesen ha høve til å møte ved byggemøte og deira tidsbruk skal fakturerast kommunen.

Ny tilkomst til Campusområdet vil medføre ei sikrare trafikkavvikling og inkluderar også gang- og sykkelveg og komplett veglysanlegg. Den nye vegen er også viktig i beredskapssamanheng.

Steinmasser

I samband med utbygging av uteområdet ved Campus har det vorte teke ut store mengder fjell. Overskotsmassane etter at uteområdet og vegbygginga på Campusområdet er ferdig opparbeidd ligg i deponi i/ved rundkøyringa til framtidig innfartsveg. Utsprenging og opparbeiding av uteområde og veg er kosta av kommunen i eit eige prosjekt. Ein ser det som prinsipielt korrekt og formålstenleg at inntekter og utgifter vert postert på det prosjektet dei høyrer til. Dvs. at deponimassane bør ha ein verdi som ei inntekt for uteområdet og som ein kostnad for den nye vegen til Campus.

Med bakgrunn i ovanstående har ein rekna med verdien av steinmassane som ein kostnad for å få fram kommunen sitt reelle bidrag til framtidig innfartsveg. Verdien av steinmassane som ligg i deponi er stipulert med bakgrunn i nyare erfaringstal.

Steinmassane som ligg i deponi er ikkje tilstrekkeleg til bygging av heile vegtraseen. Ein har såleis føresett at eit areal (regulert til parkering) med fjell som ligg inntil parkeringa ved Ytre Herøy ungdomsskule(YHU) vert planert og at fjellmassane (anslagsvis 3500 m3) vert nytta i vegtraseen. Dette vil gi moglegheit for om lag 35 nye parkeringsplassar ved YHU/idrettsområdet. Det må i tillegg truleg hentast ut ein del fjellmasser frå Mjølstadneset.

Status anbodskonkurranse

Det kom inn 6 tilbod. Tilboda er evaluerte og tildeling av kontrakt er gjort. Frist for merknadar på tildeling er ikkje ute når denne saka vert skriven.

Kostnader

Herøy kommune har fått tilsegn på 10.000.000 kr i RDA-midlar til vegutbygginga, noko som er for lite i forhold til total prosjektkostnad. Sjå kostnadsoppsett nedanfor.

Til no har det påløpt kostnader til

- grunnerverv
- grunnundersøking
- arkeologiske registreringar
- prosjektering
- prosjektoppfølgjing
- omlegging av eksisterande avlaupsanlegg

Vidare kostnader vil hovudsakleg vere knytt til prosjektoppfølgjing både for kommunen og vegvesenet, kostnader med bygging av veg og kostnader som følgje av grunnavtale. I K-sak 114/13 vedtok Herøy kommune grunnavtale med eigar av gnr/bnr 37/50 (sjå vedlegg) som forpliktar kommunen til ein del arbeid på bygget og tilstelling av uteområdet, kostnadane er stipulerte.

Kostnadsoppsett:

Grunnerverv	kr	4 084 127
Stipulert kostnad grunnavtale gnr. 37 bnr.50	kr	500 000
Grunnundersøking	kr	200 860
Arkeologi	kr	1 117 856
Prosjektering	kr	300 000
Masser frå eksisterande deponi	kr	3 900 000
Tilbodssum entreprenør	kr	9 600 000
Uføresett	kr	1 027 157
Prosjektoppfølgjing	kr	450 000
Prosjektoppfølgjing Statens vegvesen	kr	120 000
Omlegging avlaupsanlegg	kr	500 000
Sum prosjektkostnad	kr	21 800 000

Alle beløp ekskl.mva.

Prosjektkostnad	kr	21 800 000
-Tidlegare tilskot RDA	kr	10 000 000
=Behov for løyving	kr	11 800 000

Alle beløp ekskl.mva

Vurdering og konklusjon:

Campusområdet femnar om både kulturhus, badeland, aktivitetspark og idrettsområde, samt tilkomst vidare til barne- og ungdomsskule. Dette akkumulerer trafikk av både køyrande, gåande og syklende nær sagt heile døgnet. Med den trafikkauken som må påreknast når Sunnmørsbadet opnar vurderer vi den nye vegen som avgjerande for ei forsvarleg trafikkavvikling.

Vi vurderer vegarma som særst viktig for å få ein god tilkomst til området, ikkje berre for mjuke trafikantar og bilistar, men også i beredskapsamanheng. For beredskapen gir den nye vegen auka tryggleik og moglegheit for innsats ved uønska hendingar.

Total prosjektkostnad er stor sett opp mot antal meter veg som skal byggast. Dette må sjåast i samanheng med at vegarma på 300m er ein liten del av ein større innfartsveg. Dei store grunnlagskostnadane knytt til grunnnerv og arkeologi er med på å gi eit skeivt bilete av kostnadane når innfartsvegen vert bygd stykkevis.

Det er til no rekneskapsført det meste av grunnlagskostandar som grunnnerv, arkeologi, prosjektering, grunnundersøkelse og omlegging av avlaupsanlegg på prosjektet. Vidare er det skriven under på avtale med vegvesenet som regulerer kommunen si bygging av vegen. Vi ser det som naturleg at med alt arbeid og kostnader som er lagt i prosjektet til no, samt føringane som er lagt ved at avtalen med vegvesenet er inngått, at vegen vert bygd.

Med bakgrunn i ovanståande saksutgreiing og ei total vurdering av saka vil rådmannen tilrå at kommunestyret vedtek å bygge vegarma frå Myklebust til Campus. Dette inneberer ei løyving på 11,8 mill kroner som må lånefinansierast.

Konsekvensar for folkehelse:

Den nye vegen har gang- og sykkelveg med flott utsikt mot naturreservatet Myklebustvatnet.

Konsekvensar for beredskap:

Vegen bedrar tilkomst for beredskap til Campusområdet, samt gir fleire innsatsmoglegheiter.

Konsekvensar for drift:

Det vert 300m veg som skal vedlikehaldast, noko som utgjør om lag 29.500kr (tal frå 2013) i auka driftsutgifter. Vegarma er ein del av innfartsvegen til Fosnavåg og ved realisering av resten av innfartsvegen vil Statens vegvesen ta over drifts- og vedlikehaldsansvaret for vegarma. Det er ikkje bestemt når dette skal skje.

Konsekvensar for økonomi:

For å utføre utbygginga må det gjerast låneopptak på kr 11.800.000 som gir årlege rente- og avdragskostnader om lag kr 400.000.

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Lene Søvik Huldal



Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2015/588
		Arkiv:	611

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
100/15	Formannskapet	19.05.2015
104/15	Formannskapet	28.05.2015
64/15	Kommunestyret	28.05.2015

INNFARTSVEG FOSNAVÅG. GRUNNAVTALE MELLOM HERØY KOMMUNE OG EIGARAR AV GNR 37, BNR 506.

Tilråding frå rådmannen:

1. Kommunestyret godkjenner avtalen mellom Herøy kommune og eigarane av gnr 37, bnr 506 datert 22.04.2015.
2. Ordføraren får fullmakt til å signere avtalen på vegne av kommunen
3. Det vert løyvd 160.000 kroner ekskl. mva til prosjekt 51350 Vegarm frå Myklebust til Campus.
4. Kostnaden vert finansiert ved låneopptak.

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

Tilråding i Formannskapet - 19.05.2015

Møtebehandling:

Formannskapet var på synfaring på eigedomen saka gjeld. Anleggs- og driftsleiar Jon-Rune Våge var med på synfaringa og Møte og svarte på spørsmål. Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 28.05.2015

1. Kommunestyret godkjenner avtalen mellom Herøy kommune og eigarane av gnr 37, bnr 506 datert 22.04.2015.
2. Ordføraren får fullmakt til å signere avtalen på vegne av kommunen
3. Det vert løyvd 160.000 kroner ekskl. mva til prosjekt 51350 Vegarm frå Myklebust til Campus.
4. Kostnaden vert finansiert ved låneopptak.

Møtebehandling:

Utskrift av møtebehandling i formannskapet 28.05.2015 vart lagt fram i møte.

Rådmannen orienterte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 28.05.2015

1. Kommunestyret godkjenner avtalen mellom Herøy kommune og eigarane av gnr 37, bnr 506 datert 22.04.2015.
2. Ordføraren får fullmakt til å signere avtalen på vegne av kommunen
3. Det vert løyvd 160.000 kroner ekskl. mva til prosjekt 51350 Vegarm frå Myklebust til Campus.
4. Kostnaden vert finansiert ved låneopptak.

Særutskrift:

- Martin Bostad
- Utviklingsavdelinga, her
- Anleggs- og driftsavdelinga, her

Vedlegg:

1 - Avtale mellom Herøy kommune og eigar av gnr 37, bnr 506 inkl kartvedlegg.

Saksopplysningar:

Det har gjennom tidlegare saker, mellom anna i K-sak 56/13 og 101/13, gjort vedtak om godkjenning av avtalar for grunnkjøp til ny innfartsveg til Fosnavåg.

I etterkant av arbeidet og i samband med bygging av vegarm frå Myklebust til Campus Fosnavåg, har det i prosjekteringsarbeid vist seg at det har vore naudsynt for Herøy kommune å sikre meir areal til støyvoll mot bustadområde.

Med bakgrunn i kommunen sitt arealbehov knytt til vegbygginga, har det vore ført forhandlingar med representant for eigarane av gnr 37 bnr 506 om makebyte med kommunen sitt areal bnr 165 og 166. Ein har i forhandlingane også kome fram til avbøtande tiltak for ulemper knytt til oppføring av støyvoll mot bnr 506.

Framforhandla avtaleforslag ligg no føre.

Vurdering og konklusjon:

Avtaleforslag som no ligg føre inneber eit makebyte på om lag 477 m² mellom gnr 37 bnr 506 (Martin Bostad m.fl) og Herøy kommune gnr 37 bnr 165 og 166. Endeleg arealstorleik vert bestemt ved oppmåling. Intensjonen er her at arealet som kommunen skal overta skal vere til støyvoll, og at arealet som Bostad skal overta skal inngå som tilleggsareal til bnr 506.

Vidare gir avtalen kommunen rett til å utføre naudsynt drift og vedlikehald av støyvoll og tekniske anlegg m.m og kommunal spillvassleidning som må ligg bak vollen.

Som ein kompensasjon for dei ulempene som måtte oppstå i høve eigedom bnr 506, er det i avtalen framforhandla eit punkt om at kommune tek på seg riving av løa på eigedomen inkl fjerning av bygningsmateriale som ikkje kan nyttast i fyllinga. Kommune skal fyller opp og planere arealet frå topp støyvoll til topp eksisterande lødemur, og vidare arrondere fylling mot eksisterande terreng til sidene av lødemuren. Vidare skal eit avgrensa areal rundt løa gjerast i stand til parkering.

Dei avbøtande tiltak som står i avtaleforslaget medfører at det må løyvast kr 160.000,- ekskl.mva, som er stipulert kostnad frå entreprenør. Det vil vere naturleg at kostnadane som avtalen om makebyte inneber med riving av løde og planering av areal vert lagt til prosjektet 51350 Vegarm frå Myklebust til Campus.

Rådmannen viser til at dei avbøtande tiltaka i avtalen står i eit rimeleg forhold til dei ulempene som blir i høve eigedom gnr 37 bnr 506, og rår til at avtalen vert godkjend slik den no ligg føre.

Konsekvensar for folkehelse:

Nei

Konsekvensar for beredskap:

Nei

Konsekvensar for drift:

Nei

Konsekvensar for økonomi:

Kostnader ved avbøtande tiltak må dekkjast av kommunen.

Fosnavåg, 29.04.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2013/302
		Arkiv:	L81

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
46/18	Formannskapet	13.03.2018
	Kommunestyret	22.03.2018

PROSJEKT 51937 - LEINE BUSTADFELT - SKULETOMTA - ØKONOMISK AVSLUTNING

Tilråding:

Saka vert tatt til vitende.

Særutskrift:

- Økonomi, her

Vedlegg:

- Kopi av F-sak 139/12 av 11.04.2012

Samandrag av saka:

Saka gjeld økonomisk avslutning etter opparbeiding av tekniske anlegg innfor gamle skuletomta i bustadfeltet Leine 1 inkludert riving av gamle Leine skule. Opparbeidinga har gitt 10 nye byggeklare tomter. Pr. d.d. er det kun ei tomt som er ledig. Kostnadane med prosjektet ligg godt innfor løyvinga.

Saksopplysningar:

Planarbeidet starta opp i 2009, men pga manglande løyving stansa arbeidet opp. I F-sak 139/12 den 11.04.2012 vart det imidlertid vedteke at 4,1 mill. kroner skulle nyttast til opparbeiding av Leine bustadfelt, skuletomta. Etter naudsynt planlegging m.m vart anleggsarbeida oppstarta 10. april 2013. Skulen vart riven i 2014. Siste finpuss og tilstelling vart gjennomført i 2016. Ein må sei seg lei for at det har teke så lang tid før ein har fått fram sak om økonomisk avslutning.

Økonomi

Rekneskapen syner følgjande inkl.mva.:

Total løyving – sjå vedlagt F-sak 139/12	kr. 4.100.000,-
Totalt forbruk inkl. riving av gamle Leine skule *)	kr. 3.518.950,-
Mindreforbruk	kr. 581.050,-

*) Av det totale forbruket utgjorde riving av Leine gamle skule 809.689 kroner.

Som det framgår vert prosjektet gjort opp med eit mindreforbruk på 581.050 kroner i forhold til løyving.

Sal av tomter har gitt kommunen ei inntekt på om lag 4,5 mill. kroner pr. 01.03.2018. 1 tomt på gamle skuletomta er ledig og vil gi ytterlegare inntekt.

Vurdering og konklusjon:

Leine bustadfelt har vist seg å vere eit svært attraktivt område for bustadbyggarar.

Konsekvensar for drift: Prosjektet medfører auka driftskostandar i tilknytning til veg, veg- og gatelys og avlaup. Det er imidlertid vanskeleg å talfeste då ein ikkje har gode erfaringstal på dette.


Med bakgrunn i ovanståande saksutgreiing og etter ei samla vurdering vil rådmannen tilrå at den økonomiske avslutninga vert godkjent. Løyvinga til prosjektet er så gammal at der ikkje ligg restløyving i rekneskapen. Mindreforbruket må såleis berre takast til vitande og ein antar at mindreforbruket her har mest sannsynleg gått til å finansiere prosjekt med meirforbruk. Det er først dei to tre siste åra at ein har vidareført unyttta løyvingar i investeringsrekneskapen frå eit år til eit anna.

Fosnavåg, 28.02.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge



HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2012/904
		Arkiv:	L81

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
139/12	Formannskapet	11.04.2012

UTBYGGING/RESTUTBYGGING AV EKSISTERANDE KOMMUNALE BUSTADOMRÅDE - PRIORITERINGAR M.M.

Tilråding:

1. 4,1 mill. kroner av samla kostnadsramme på 4,25 mill. kroner i 2012-budsjettet vert avsett til opparbeiding av bustadfeltet Leine – skuletomta.
2. Resterande del, 150.000 kroner, vert nytta til omregulering og evt. grunnerverv innafor Frøystad bustadfelt.
3. Vidare utbygging vert å prioritere i samband med budsjett og økonomiplan med bakgrunn i reelle behov for tomter i dei ulike kommunale bustadfelta.
4. Administrasjonen får i oppdrag å utgreie og legge fram sak om kommunen si framtidige rolle ved planlegging, utbygging og drift av nye bustadfelt både i privat og kommunal regi.

Møtebehandling:

Anlegg- og driftsleiaren orienterte.

Det kom framlegg om slik endring i tilrådinga:

Pkt. i tilrådinga 2 vert stroke.

Rådmannen sitt framlegg med endring vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 11.04.2012

1. 4,1 mill. kroner av samla kostnadsramme på 4,25 mill. kroner i 2012-budsjettet vert avsett til opparbeiding av bustadfeltet Leine – skuletomta.
2. Vidare utbygging vert å prioritere i samband med budsjett og økonomiplan med bakgrunn i reelle behov for tomter i dei ulike kommunale bustadfelta.

3. Administrasjonen får i oppdrag å utgreie og legge fram sak om kommunen si framtidige rolle ved planlegging, utbygging og drift av nye bustadfelt både i privat og kommunal regi.

Særutskrift:

- Egedomsavdelinga, her
- Utviklingsavdelinga, her
- Økonomiavdelinga, her

Vedlegg

1. Kopi av notat frå rådmann til formannskapet datert 10.10.2011 vedk. opparbeiding av infrastruktur i bustadfeltet Bø-Arhaug m.fl.
2. Tabell med oversikt over kommunale bustadfelt, stipulerte utbyggingskostnader, status grunnnerv, ledige/reserverte tomter og nye tomter v/utbygging.

Uprenta vedlegg:

- Oversiktskart og kartutsnitt over kommunale bustadfelt

Bakgrunn

I Formannskapsmøtet 08.11.2011 vart det lagt fram notat vedk. opparbeiding av infrastruktur i bustadfeltet Bø-Arhaug m.fl. I referatet vart det konkludert slik:

Rådmannen vil tilrå at administrasjonen får i oppdrag å utarbeide, og i eiga sak leggje fram, samla oversikt over resterande utbyggingar av eksisterande kommunalt regulerte bustadfelt der det m.a. vert gjort greie for:

- *Kalkulerte totale utbyggingskostnader inkl. evt. grunnnerv*
- *Antal tomter som vert tilgjengelege ved utbygging*
- *Moglegheitene for sal av tomter i dei ulike felta etter utbygging*
- *Forslag til utbyggingstakt*
- *Evt. andre viktige moment*

Formannskapet sa seg samd i konklusjonen/vurderinga i notatet og at administrasjonen må få ei slik sak fram for å få samanheng mellom planlegging, økonomi, grunnkjøp og opparbeiding av kommunale bustadfelt.

Rådmannen legg med dette fram forslag til prioritering/bruk av løyvde midlar i 2012 budsjettet samt vidare prioritering av utbygging/restutbygging av eksisterande kommunale bustadområde.

Saksopplysningar

I budsjettet for 2012 er det avsett ei generell løyving på 4.250.000 kroner til utbygging av bustadområde. Finansiering: 1 mill. v/sal av tomter og 3,25 mill. ved låneopptak. Formannskapet har bede om å få denne saka framlagt før bruken av ovanstående løyving vert vedteken.

Saka reiser ei rekke viktige spørsmål, også prinsipielle, i tilknytning til utbygging av kommunale bustadfelt. I og med at svært mange byggefelt i dag er og vert planlagde og utbygde i privat regi reiser saka også spørsmål om kommunen si rolle ved vidare planlegging og etablering av bustadfelt.

I kommunen er det ei rekke eksisterande kommunalt regulerte bustadfelt som er berre delvis utbygde med naudsynt infrastruktur. I eit av desse felta, Bø/Arhaug, er det ikkje gjort noko opparbeiding. Ved vidare utbygging av infrastruktur i desse felta kan ein rimeleg fort få tilgang til eit rimeleg stort antal tomter. Vedlegg 2 gir m.a. oversikt over desse bustadfelta, stipulert kostnad ved full/resterande utbygging og antal nye tomter ved utbygging. Det vert presisert at kostnadene er stipulerte og evt. grunnnerv/uføresett kjem i tillegg. I nokre område kan fleire tomter bli tilgjengelege ved fortetting. Det kan også i større grad leggest til rette for konsentrerte bustadar ved omregulering.

Utbygging av kommunalt regulerte bustadområde i privat regi av grunneigarar, entreprenørar eller byggefirma kan kanskje vere eit alternativ. Dette må imidlertid vurderast nøye i forhold til m.a. lov om offentlege innkjøp og evt. bindast opp i utbyggingsavtalar. Vidare må ein då også avklare om dette prinsipielt sett er ønskjeleg. Ved evt. vidare utbygging der ein bygg vidare på tidlegare kommunalt opparbeidd infrastruktur bør kanskje private utbyggarar bidra økonomisk til det som tidlegare er utbygd.

Private utbyggarar har dei seinare åra i større grad regulert eigne bustadfelt med sikte på privat utbygging i sentrale/sentrumsnære område i kommunen. Det største private bustadfeltet i denne samanheng er Myklebuståsen med om lag 200 planlagde bueiningar. I tillegg er det regulert ei rekke mindre private bustadfelt. Dersom ein summerer alle tomter i regulerte bustadfelt i kommunen pr. i dag og legg til frådelte enkelttomter det kan byggast på er det snakk om kanskje 7-800 tomter. Det som imidlertid er, og blir ei stor utfordring framover er finansiering av utbyggingskostnadene for å få byggeklare tomter. Marknaden for sal av tomter er ikkje stor då auken i bustadmassen ligg på 40-60 bustadar pr. år.

Vurderingar:

Regulering av nye bustadområde tek tid og er kostbart. Slik rådmannen ser det er det såleis viktig å utnytte tomtereserven som ligg i eksisterande regulerte kommunale bustadområde. Sentrumsnære tomter er mest etterspurte og ved rett prising og fokus på sal av tomtene, etter kvart som dei vert byggeklare, kan ein finansiere vidare utbygging via tomtefondet. Når det gjeld prising av kommunale bustadtomter går ein ikkje noko nærare inn på det i denne saka då Eigeomsavdelinga vil leggje fram eiga sak om dette.

Utbygging/restutbygging av dei ulike kommunale bustadfelte bør tilpassast etterspurnaden. I enkelte område er det nok å legge til rette for bygging på nokre få tomter i gongen. Dersom alt er avklara i forhold til regulering, grunnverv, tekniske planar og finansiering er det ei rimeleg kurant sak å bygge ut stegvis etter behov. Statusen i dag, for fleire av dei kommunale bustadfelte, er at det berre er gjort delvis grunnverv og at tekniske planar ikkje er utarbeidde eller er ufullstendige.

Ut frå ikkje heilt oppdaterte tal er det pr. i dag anslagsvis 60-70 byggeklare tomter i kommunale bustadfelt rundt om i kommunen. Det meste av dette er tomter som bør vere rimeleg attraktive. I dei mest sentrale områda, og då spesielt Bergsøya er det imidlertid mangel på byggeklare tomter. Marknadsføringa av ledige kommunale tomter bør intensiverast og salet forenklast slik at tomtene nær sagt kan "seljast over disk". Sal av tilgjengelege tomter kan gi eit vesentleg bidrag til finansieringa ved vidare utbygging av eksisterande og evt. nye kommunale bustadområde.

Som det framgår av vedlegg 2 vil stipulert samla kostnad ved full utbygging/restutbygging av eksisterande kommunale bustadfelt vere vel 54 mill. kroner inkludert mva. og vil gi omlag 160 nye tomter. Med omsyn til kommuneøkonomien må ein vere rimeleg kritisk til kva ein bygg ut. Eit alternativ kan vere førehandssal av tomter før utbygging slik det ofte vert gjort ved utbygging av bustadfelt i privat regi.

I samband med denne saka finn rådmannen grunn til m.a. å stille følgjande spørsmål som bør avklarast:

- Kva skal vere kommunen si framtidige rolle ved planlegging og utbygging av bustadfelt?
- Bør kommunen i større grad ha ein planstrategi på områdenivå med vekt på utbygging av hovudinfrastruktur, og at detaljregulering og utbygging vert overlate til private grunneigarar og firma?
- Bør kommunen sitt drifts- og vedlikehaldsansvar med tilhøyrande kostnader i framtida avgrensast til hovudinfrastrukturen?

Vurdering av dei ulike kommunale bustadfelte oppsett i vedlegg 2:

Leine 1: Pga. at det tidlegare er gitt løyve til bygging i området vil utbygginga berre gi 1 ny tomt. Det er ikkje gjort grunnverv. Det ein elles oppnår med ei slik utbygging er betre vegtilkomst og opprydding i avlaupa til eksisterande bustadar. Området er sentralt, men utbygginga er svært kostbar sett i forhold til at ein berre får 1 ny tomt.

Leine-

- skuletomta: Dette er eit nyregulert område inne i bustadfeltet Leine 1. Av dei eksisterande regulerte kommunale bustadområda med utbyggingspotensiale er Leine – skuletomta mest sentrumsnært. Leine – skuletomta er i kommunal eige gjennom tidlegare grunnverv og ligg elles til rette for snarleg utbygging dersom finansiering kjem på plass. Riving av gamle Leine skule ligg inne i stipulert kostnad med om lag 720' kroner basert på pristilbod.
- Bø-Arhaug: I dette bustadfeltet er det ikkje er bygd ut noko kommunal infrastruktur. Sjå vedlegg 1 der det er gjort nærare greie for dette. For å tilrettelegge for nye tomter vil det måtte gjerast ei full utbygging av avlaupsanlegg utanfor feltet. Prioritering/finansiering av dette bør uansett vurderast i samband med pågåande revidering av Kloakkrammeplanen då det alt no er behov for opprydding i kloakktilhøva i området. Eksisterande veg må oppgraderast med tilhøyrande infrastruktur fram til området med nye tomter. Den største utfordringa er imidlertid at det ikkje er tilfredsstillande vassforsyning til bustadfeltet. Herøy Vasslag BA ser området som del av sitt dekningsområde. Slik rådmannen ser det bør kommunen kunne forvente at utbygging av vassforsyninga vert gjort av vasslaget utan vesentlege bidrag frå kommunen. Dvs. bortsett frå der kommunen, vasslaget og evt. andre har felles behov for utbygging av infrastruktur/leidningsnett. Det er ikkje realistisk å bygge ut bustadfeltet før det er etablert tilfredsstillande vassforsyning. Området er ikkje sentralt, men det har vore ei viss interesse for å bygge i feltet.
- Feirelia: Det er framleis ledige tomter i bustadfeltet. Grunnverv er gjort. Salet av tomter har teke seg opp dei seinare åra. Vidare utbygging vil vere rimeleg enkel då hovudinfrastrukturen er utbygd. Ein ser ikkje behov for vidare utbygging på noverande tidspunkt.
- Trolldalen-
Storneset: Vidare utbygging vil medføre behov for grunnverv. Det kan byggast vidare på tidlegare bygd infrastruktur og ligg såleis godt til rette for stegvis utbygging.
- Kvalsvikeidet: Her er det enno igjen nokre få tomter etter tidlegare utbygging. Kommunen eig grunnen. Vidare utbygging kan iverksetjast innan kort tid dersom det skulle vere behov.
- Frøystad: Vidare utbygging av Frøystad bustadfelt vil krevje grunnverv og evt. omregulering dersom delar av skuletomta skal nyttast til bustadar.

På grunnlag av saksutgreiinga ovanfor og etter ei samla vurdering vil rådmannen gi følgjande tilråding til vedtak:

3. 4,1 mill. kroner av samla kostnadsramme på 4,25 mill. kroner i 2012-budsjettet vert avsett til opparbeiding av bustadfeltet Leine – skuletomta.
4. Resterande del, 150.000 kroner, vert nytta til omregulering og evt. grunnverv innafor Frøystad bustadfelt.
5. Vidare utbygging vert å prioritere i samband med budsjett og økonomiplan med bakgrunn i reelle behov for tomter i dei ulike kommunale bustadfelte.
6. Administrasjonen får i oppdrag å utgreie og legge fram sak om kommunen si framtidige rolle ved planlegging, utbygging og drift av nye bustadfelt både i privat og kommunal regi.

Fosnavåg, 27.03.2012

Olaus-Jon Kopperstad

Jon Rune Våge



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2018/20
		Arkiv:	110

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
47/18	Formannskapet	13.03.2018
	Kommunestyret	22.03.2018

ENDRINGAR I PLAN- OG BYGNINGSLOVA - UTVIDING AV DAGENS PLANMYNDE

Tilråding:

Kommunestyret tek orienteringa frå rådmannen om endringa i Plan- og bygningslova til vitande.

Særutskrift:
Utviklingsavdelinga

Vedlegg

- 1 Rundskriv om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven
- 2 Rundskriv om ikrafttredelse av endringer i plan- og bygningsloven og matrikkellova

Samandrag av saka:

Det kongelige kommunal og moderniseringsdepartementet(KMD) har i 2017 gjort ein del endringar i Plan- og bygningslova som gjer at rådmannen vil orientere den politiske leiinga.

Rådmannen har i denne saka fokus på endringane plan- og bygningslova som har konsekvens for delegasjonsreglementet til Herøy kommune. Endringar som går på administrasjonen sine krav til gjennomføring eller endringar som har konsekvens for fylkeskommunen er ikkje ein del av saka. Alle endringar og krav kan lesast i si heilheit i vedlegga til saka.

Saksopplysningar:

Hovudreglar for delegasjon

§ 3 – 3 *Kommunal planlegging har til formål å legge til rette for utvikling og samordnet oppgaveløsning i kommunen gjennom forvaltning av arealene og naturressursene i kommunen, og ved å gi grunnlag for gjennomføring av kommunal, regional, statlig og privat virksomhet.*

Kommunestyret selv har ledelsen av den kommunale planleggingen og skal sørge for at plan- og bygningslovgivningen følges i kommunen.

Kommunestyret skal vedta **kommunal planstrategi, kommuneplan og reguleringsplan**. Kommunen organiserer arbeidet med den kommunale planleggingen etter kapittel 10 til 12 og oppretter de utvalg og treffer de tiltak som finnes nødvendig for gjennomføring av planleggingen.

Kommunestyret skal sørge for å etablere en særskilt ordning for å ivareta barn og unges interesser i planleggingen.

Kommunestyret skal sikre at kommunen har tilgang til nødvendig planfaglig kompetanse.

Plan- og bygningsloven er endret for å forenkle og forbedre plan- og byggesaksprosessene. Dette vil gi mindre ressursbruk i forbindelse med plan- og byggesaksbehandlingen, både for kommuner, innbyggere og næringsliv. Regjeringen legger vekt på å skape en enklere hverdag for folk flest. Endringene i plan- og bygningsloven er et viktig bidrag for å oppnå dette.

Stortinget har vedteke følgjande endringar i plan- og bygningslova som trer i kraft 01.07.2017:

1. Adgang for kommunen til å stoppe planinitiativ før varsling og kunngjøring av planoppstart, tydeligere og mer formalisert ramme for oppstarten av planprosessen (§ 12-8).
2. Endringer i reglene for å endre og oppheve reguleringsplan (§ 12-14).
3. Presisering av kommunens adgang til å ta gebyr for behandling av private planforslag.
4. Overtredelsesgebyr for brudd på reglene om konsekvensutredninger (§§ 32-8a og 32-9).

Ny forskrift om oppstartsfasen i planarbeid 08.12.2017

08.12.2017 vart det fastsatt ny forskrift om oppstartsfasen i planarbeid etter plan- og bygningsloven. Forskrifta gir utfyllande reglar om utforming av planinitiativ, om gjennomføring av oppstartsmøte og om referat frå oppstartsmøtet. Forskrifta har også reglar om krav til planforslag, tidsfristar mv.

Forskrifta vil medføre følgjande endringar:

1. Styrke oppstartsmøtet si betydning og krav til gjennomføring.
2. Strengare krav til innhald i planinitiativet som skal oversendast til kommunen før oppstartsmøte kan avhaldast.
3. Kommunen skal skrive referat frå oppstartsmøtet og i referatet skal det går fram korleis ulike tema skal vurderast i det vidare arbeidet.
4. Alle tema som kan vere relevant for det enkelte planforslaget skal klargjerast i behandlast i oppstartsmøtet.
5. Referatet skal angi tydelege rammer for det vidare planarbeidet med framdrift, dokumentasjon og utforming av plan.
6. Usemje mellom kommunen og forslagstillar skal gå fram av referatet og forslagstillar kan krevje at desse vert framlagt og vurdert av kommunestyret eller eit politisk utval som har fått delegert kompetanse.
7. Krav til behandling av planforslag innan tidsfristar og eventuelle sanksjonar er innarbeidd i den nye forskrifta.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen gjentek for ordens skuld vedtak i K-sak 158/09 som klargjer Kommunestyret sitt delegeringsvedtak til Formannskapet:

1. *I medhald av Kommuneleva § 10 nr 1 vedtek Herøy kommunestyre at følgjande oppgåver som etter plandelen i den nye plan- og bygningslova ligg til kommunestyret sitt ansvarsområde skal delegerast til formannskapet:*

§ 1-7, jf. § 12-15	<i>Samordning av plan og byggjetiltak</i>
§ 11 - 13	<i>Fastsetjing av planprogram for kommuneplan</i>
§ 12 - 9	<i>Handsaming av planprogram for planar med vesentlege verknader</i>
§ 12 – 11	<i>Handsaming av private reguleringsplanar</i>
§ 12 - 12	<i>Mindre reguleringsplan i samsvar med overordna å plan</i>
§ 12 - 14	<i>Endring og oppheving av reguleringsplan</i>
§ 19 - 4	<i>Dispensasjonsmynde</i>

2. *I samsvar med delegasjonsreglementet til rådmannen i K-sak 91/02, er ikkje prinsipielle avgjerder delegert til rådmannen. Dette inneber at ikkje prinsipielle saker i medhald av plan- og bygningslova kan handsamast administrativt.*

Kommunestyret vedtek at heile delegasjonsreglementet for Herøy kommune vert gjennomgått i politisk komitearbeid, og ber rådmannen legge fram sak om mandat for kommunestyret.

Rådmannen vurderer denne saka slik at det ikkje vil vere behov for å gjere endringar i sjølve reglementet for Formannskap og komitear, godkjent i K-sak 24/16 og K-sak 158/09.

Rådmannen vil likevel presisere at innanfor dei paragrafane som er delegert frå Kommunestyret til Formannskapet ligg det no eit noko utvida mynde.

Rådmannen ser endringa i § 12-8 som ei innskjerping av krav til gjennomføring av *oppstartsmøte* som det første formelle trinnet i oppstarten av eit planarbeid. Her stillast det konkrete krav til referatet som skal skrivast og innhaldet i møtet. Gjennom ikrafttreding av ny *forskrift 08.12.2017* ligg det heilt klart strengare krav til tiltakshavar og plankonsulent sitt bidrag før det vert avtalt oppstartsmøte. Administrasjonen vil også få eit auka handlingsrom i å stanse forslag til planarbeid før det vert førelagt politisk avgjerd. Dersom administrasjonen og tiltakshavar er usamde skal dette gå fram av referatet og kunne framleggast for politisk vurdering, helst utan ytterlegare sakshandsaming, dersom tiltakshavar krev slik framlegging.

Nytt andre ledd i § 12-8 gir kommunen heimel for å stoppe behandlinga av eit planarbeid både før, under og etter oppstartsmøtet. Kommunen skal såleis ta stilling til spørsmålet om å stoppe planinitiativet så tidleg som mogleg. Avgjersle om å stoppe eit initiativ er ikkje eit vedtak som kan påklagast, men kan krevjast framlagt for politisk vurdering.

Det er likevel viktig for rådmannen å presisere at sjølv om ein tiltakshavar får signal frå kommunen (administrativt) om at ein vil stille seg positiv til å fremje sak om oppstart av planarbeid for politisk vedtak (oppstart av planarbeid) er det ingen garantiar for at politisk leiing faktisk gir løyve til oppstart. På same måte er det heller ingen garantiar for at eit planarbeid som er oppstarta og plankonsulent har sendt eit konkret planforslag til kommunen for utlegging til offentleg ettersyn kan planarbeidet stoppast både administrativt og politisk. Tiltakshavar har heller ingen garantiar for at eit planforslag vert vedteke sjølv om det har vore ute til offentleg ettersyn.

§ 12-14 om oppheving og endring av reguleringsplanar. Det tidlegere kriteriet «mindre endringer» erstattast av formuleringa «når endringene i liten grad vil påvirke gjennomføringen av planen for øvrig, ikke går utover hoveddrammene i planen, og heller ikke berører hensynet til viktige natur- og friluftsområder.» Dette vil gje Formannskapet auka mynde til å vedta endringar i plan med ein forenkla prosess enn det som har vore gitt tidlegare.

Rådmannen vil også påpeike at § 12-14 vil gje Formannskapet mynde til å oppheve eldre reguleringsplanar «*som i det vesentlige er i strid med overordnet plan*». Dette er også ei utviding av mynde frå det som har vore gitt tidlegare.

§ 33-1 første ledd er også endra. Det er føyd til et nytt andre punktum som presiserer at gebyret for behandling av eit planforslag kan omfatte kommunen sitt arbeid fram til det blir avgjort om forslaget skal fremjast, jf. § 12-11. Dette er i tråd med det som har vore departementet si tolking av regelen. Dersom kommunen ser behovet for å kunne ta gebyr for arbeid med planforslag før det er avgjort om saka skal fremjast må det gjerast eige vedtak av nytt gebyrregulativ. Dersom dette er aktuelt vert det fremja eiga sak om endringa av gebyrregulativ eller som ein del av budsjettsaka for 2019.

Endring i §§ 32-8a og 32-9 vil også gje kommunen moglegheit til å gi overtredelsesgebyr i plansakar ved brot på reglane om konsekvensutgreiing. *Første ledd bokstav b* seier at brudd for reglane om konsekvensutredninger kan bestå i at forslagsstiller forsettlig eller uaktsomt gir uriktige eller villedende opplysninger i konsekvensutredningen. Også for dette punktet må det gjerast eige vedtak om endring av gebyrregulativet for å kunne gi eit slikt overtredelsesgebyr.

Rådmannen rår til at Formannskapet og Kommunestyret tek denne informasjonen til vitende og kjem med konkret bestilling dersom administrasjonen skal starte arbeid med endring av gebyrregulativ eller endre delegasjonsreglementet.

Fosnavåg, 04.01.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn



DET KONGELIGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Kommunene
Fylkeskommunene
Fylkesmennene

Deres ref

Vår ref

Dato

17/3207-22

8. desember 2017

Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven

Det er i dag ved kongelig resolusjon fastsatt en ny forskrift om oppstartfasen i planarbeidet etter plan- og bygningsloven. Forskriften gir utfyllende bestemmelser om utforming av planinitiativ, om gjennomføring av oppstartmøte mellom forslagstiller og kommunen, og om referatet fra oppstartmøtet. Forskriften har også bestemmelser om krav til planforslag, tidsfrister mv.

Forskriften har bakgrunn i lovendringene som trådte i kraft 1. juli i år og regjeringens arbeid med å forenkle og effektivisere planprosessene for å legge bedre til rette for boligbygging og nærings- og samfunnsutvikling. Målet er rask, effektiv og forutsigbar offentlig saksbehandling med god kvalitet.

Lovendringene styrker oppstartsmøtets betydning og forskriften gir utfyllende bestemmelser om gjennomføring av oppstartfasen. En styrking av oppstartfasen i planarbeidet skal bidra til mer effektive planprosesser gjennom bedre samarbeid og økt forutsigbarhet for de involverte aktørene, tidligere avklaring og dermed raskere og bedre saksbehandling.

Den nye forskriften stiller krav til innholdet i planinitiativet som forslagsstiller må sende kommunen før oppstartmøte kan avholdes. Videre stilles det krav til gjennomføringen av oppstartmøtet og innholdet i referatet fra møtet. Forskriften fastsetter at alle temaer som er nødvendig for å klargjøre forutsetningene for det videre planarbeidet og utformingen av det endelige planforslaget, skal behandles i oppstartmøtet. Referatet skal angi tydelige rammer for det videre planarbeidet for derved å skape en forutsigbar og omforent prosess, med klare angivelser både når det gjelder fremdrift, dokumentasjon og utforming av planen.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Avdeling
Planavdelingen

Saksbehandler
Magnar Danielsen
22 24 59 58

Uenighetspunkter mellom forslagstiller og kommunen skal fremgå av referatet, og forslagsstillere kan kreve at disse blir forelagt og vurdert av kommunestyret eller et politisk utvalg som har fått delegert kompetansen.

Bestemmelsene i gjeldende forskrift 11. juni 2010 nr. 815 om tidsfrister, og sanksjoner ved overskridelse av fristene for private forslag til detaljregulering etter § 12-11 i plan- og bygningsloven, er innarbeidet i den nye forskriften.

Den nye forskriften trer i kraft 1. januar 2018. Samtidig oppheves gjeldende forskrift om tidsfrister mv.

Med hilsen

Kari Strande (e.f.)
avdelingsdirektør

Magnar Danielsen
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Vedlegg: Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven, med merknader

Vedlegg

Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven

Fastsatt ved kongelig resolusjon 8. desember 2017 med hjemmel i plan- og bygningsloven § 12-1. Fremmet av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

§ 1 Krav til planinitiativet

Private forslagsstillere skal sende et planinitiativ til kommunen senest samtidig med forespørsel om oppstartsmøte etter plan- og bygningsloven § 12-8 første ledd andre punktum.

Planinitiativet skal i nødvendig grad omtale premissene for det videre planarbeidet, og redegjøre for

- a) formålet med planen
- b) planområdet og om planarbeidet vil få virkninger utenfor planområdet
- c) planlagt bebyggelse, anlegg og andre tiltak
- d) utbyggingsvolum og byggehøyder
- e) funksjonell og miljømessig kvalitet
- f) tiltakets virkning på, og tilpasning til, landskap og omgivelser,
- g) forholdet til kommuneplan, eventuelle gjeldende reguleringsplaner og retningslinjer, og pågående planarbeid
- h) vesentlige interesser som berøres av planinitiativet
- i) hvordan samfunnssikkerhet skal ivaretas, blant annet gjennom å forebygge risiko og sårbarhet
- j) hvilke berørte offentlige organer og andre interesserte som skal varsles om planoppstart
- k) prosesser for samarbeid og medvirkning fra berørte fagmyndigheter, grunneiere, festere, naboer og andre berørte
- l) vurderingen av om planen er omfattet av forskrift om konsekvensutredninger, og hvordan kravene i tilfelle vil kunne bli ivaretatt

§ 2 Gjennomføring av oppstartsmøte

Oppstartsmøte etter plan- og bygningsloven § 12-8 første ledd andre punktum skal gjennomføres innen rimelig tid etter at kommunen har mottatt forespørsel om dette fra forslagsstilleren.

I oppstartsmøtet skal alle temaer som er nødvendig for å klargjøre forutsetningene for det videre planarbeidet og utformingen av det endelige planforslaget, behandles. Det skal blant annet tas stilling til

- a) hvordan det skal tilrettelegges for samarbeid, medvirkning og samfunnssikkerhet
- b) om planen vil omfattes av forskrift om konsekvensutredninger og hvordan det videre opplegget skal være for arbeidet frem til en slik utredning foreligger
- c) om det skal utarbeides andre utredninger om bestemte temaer, og om kommunen eller forslagsstilleren skal utarbeide rapportene
- d) om det er hensiktsmessig med felles behandling av plan- og byggesak etter plan- og bygningsloven § 12-15

- e) hva kommunen skal bidra med underveis i planarbeidet
- f) om det er behov for senere dialogmøter mellom forslagsstilleren og kommunen
- g) en overordnet fremdriftsplan som skal gjelde for planarbeidet
- h) hvem som er kontaktpersoner hos forslagsstiller og i kommunen
- i) om det kan være aktuelt å stoppe planinitiativet etter plan- og bygningsloven § 12-8 andre ledd

§ 3 Krav til referat fra oppstartsmøtet

Kommunen skal utarbeide et referat fra oppstartsmøtet, som skal sendes til forslagsstilleren innen rimelig tid etter møtet.

Referatet skal inneholde opplysninger om de temaene som ble drøftet i møtet, avklaringer og konklusjoner det ble enighet om, vesentlige punkter det er uenighet om og punkter som gjenstår å avklare. Det skal redegjøres for vurderingen av punktene i § 2 andre ledd bokstav a til i, kommunens vurdering av om kravet til fagkyndighet i plan- og bygningsloven § 12-3 fjerde ledd er oppfylt og om det er aktuelt å berge forslaget inn for regionalt planforum.

§ 4 Foreleggelse for kommunestyret ved uenighet om vesentlige punkter

Dersom det i oppstartsmøtet er uenighet om vesentlige punkter i det videre planarbeidet eller om planinitiativet skal stoppes, kan forslagsstilleren kreve spørsmålet forelagt kommunestyret eller et politisk utvalg som kommunestyret har delegert oppgaven til, til vurdering eller avgjørelse, jf. § 12-8 første og andre ledd. Vedtaket fra behandlingen vedlegges referatet fra oppstartsmøtet.

Kommunen skal sørge for at foreleggelse etter første ledd skjer innen rimelig tid etter at kravet er fremsatt.

§ 5 Kunngjøring og varsling av planoppstart

Varselet om at planarbeidet starter opp etter plan- og bygningsloven § 12-8 første ledd, skal ha vedlagt planinitiativet og referatet fra oppstartsmøtet eller opplyse om hvor det er tilgjengelig.

Kunngjøringen om at planarbeidet starter etter § 12-8 tredje ledd skal gi opplysninger om hvor planinitiativet og referatet fra oppstartsmøtet er tilgjengelig for innsyn.

§ 6 Krav til planforslag

Et planforslag skal tilfredsstille kravene til en reguleringsplan i plan- og bygningsloven § 12-1 og bestemmelsene i forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og kommunalt planregister (kart- og planforskriften) §§ 9 og 10. Kommunen kan presisere ytterligere krav til fremstilling og innhold. Kravene skal i så fall fremgå av en nærmere spesifisering fra kommunen for utarbeiding og behandling av reguleringsplaner. Slike krav skal forslagsstilleren gjøres kjent med senest i oppstartsmøtet.

Kommunen skal ikke pålegge forslagsstiller mer utredning og dokumentasjon enn nødvendig for å fatte et forsvarlig planvedtak.

§ 7 Fristen for behandling av forslag til detaljregulering

Fristen i plan- og bygningsloven § 12-11 første punktum (12 uker) begynner å løpe når forslaget har kommet inn til kommunen. Dette gjelder også dersom det er avtalt en

Rådmannsgruppa har over denne strukturen eit særleg ansvar for å samordne kommunane, prioritere, og sikre innsikt og forankring i eigen kommune og overfor folkevalde organ. Og med digitaliseringsstrategien skal det i utgangspunktet verte lettare å «halde tråden» i satsingane våre for perioden 2018-2021.





Den enkelte kommune må sjølv vurdere korleis ein skal organisere arbeidet med digitalisering lokalt. Enkelte kommunar har avsett egne ressursar til dette arbeidet, medan andre ikkje har høve til det, eller arbeider på andre måtar. Det sentrale er at kommunane har digital kunnskap frå fagnivå og opp til politisk nivå, at målsettingane for arbeidet er kjende og at det er forståing for at innovasjonsarbeid inneber prøving og feiling. Giske kommune har kome langt innanfor digitalisering med relativt beskjedne ressursar, og har valt å organisere satsingane slik som illustrert her:



Så lenge ein har til hensikt å ivareta dei felles målsettingane i digitaliseringsstrategien og legg vinn på å dele erfaringar med gode grannar, er lokal organisering av det digitale utviklingsarbeidet mindre viktig.

Det er elles sentralt at vi dyrkar kulturen som har utvikla seg siste 15 åra i ikt-samarbeidet, nemleg å i størst muleg grad velje like system og prosessar i kommunane. Med slik disiplin vil effektiviseringsgevinstar vere langt lettare å realisere enn om det er full valfridom på alle nivå. Nokre program og system må vere like, andre er valfrie. Atter andre kan testast ut som pilot eller brukast i ei eller fleire kommunar utan at det påverkar drift av system og infrastruktur i vesentleg grad. Dette er godt illustrert i skissa her:



Om digitaliseringsstrategien

Framlegget til felles digitaliseringsstrategi for kommunane på søre Sunnmøre har eit tydeleg brukarperspektiv og det vert fokusert på satsingar med størst antatt effektiviseringsgevinst. Strategien er delt i i fem satsingsområde i kvart sitt kapittel og der kvart av desse har klare mål.

Desse er:

- Brukaren i sentrum
- Digitalisering for innovasjon og produktivitet
- Styrka digital kompetanse og deltaking
- Effektiv digitalisering av kommunane
- Informasjonstryggleik og personvern

I siste del er det formulert nokre konkrete målsettingar for tenesteområda

- Administrasjon og fellestenester
- Helse- og omsorgstenestene
- Læring og oppvekst
- Tekniske tenester

Planen er «jordnær» og bra lettfatteleg lesnad. Det er grunn til å forvente at strategien vert eit godt styringsdokument for kommunane i dette viktige arbeidet.

Vurdering og konklusjon:

Eg rår til at kommunestyret godkjenner felles digitaliseringsstrategi for kommunane på Søre Sunnmøre med handlingsplan for perioden 2018-2021.

Konsekvensar for folkehelse:

I det store biletet påverkar dette både folk og miljø.

Konsekvensar for beredskap:

Det er utan tvil eit beredskapsmessig løft at SSIKT no har gode system som gir driftsstabilitet og tryggleik for eigarkommunane.

Konsekvensar for drift:

Ein legg til grunn at kommunane følgjer opp med løyvingar til drift og investering i samsvar med ambisjonane i planen.

Fosnavåg, 06.03.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann



DIGITALISERINGSSTRATEGI

Samarbeidskommunane i SSIKT
2018-2021







4 / 5
BAKGRUNN



6 / 7
BRUKAREN I SENTRUM



8 / 9
DIGITALISERING ER VIKTIG FOR INNOVASJON
OG AUKA PRODUKTIVITET



10 / 11
STYRKA DIGITAL KOMPETANSE OG DELTAKING



12 / 13
EFFEKTIV DIGITALISERING AV KOMMUNANE



14 / 15
INFORMASJONSTRYGGLEIK, PERSONVERN OG
DOKUMENTFORVALTNING



16 / 17
MÅLSETTINGAR OG SATSINGAR FOR
TENESTEOMRÅDA



Bakgrunn

Dei sju kommunane på Søre Sunnmøre har sidan 2013 hatt eit formalisert IKT-samarbeid gjennom Søre Sunnmøre IKT, SSIKT. Samarbeidet har utvikla seg til å vere eit fullverdig driftssenter for alle kommunale IKT-tenester, inkludert eigd kommunikasjon mellom kommunane og faglege ressursar. Det er gjennomført mange store fellesprosjekt med gode resultat. På nokre område har kommunane hatt ulik progresjon i bruken av nye IKT-løysingar, og gevinsten ved å ta dei i bruk er varierende. SSIKT vil difor ha stort fokus på betre koordinering og tettare samarbeid mellom kommunane for å kunne hauste gevinstane i perioden fram mot 2020.

Frå 2018 vert SSIKT eige rettssubjekt og dei tilsette innanfor IKT-fagområdet vert overførte til ny organisasjon. Dette gjev nye moglegheiter for organisering, spesialisering for dei tilsette og evne til utvikling.

Strategigruppa i SSIKT har ansvar for koordinering mellom kommunane i IKT-samarbeidet og set dagsorden for utvikling og digitalisering av tenestene. Strategiarbeidet skal sikre god effekt

og utvikling av IKT-løysingane for dei kommunale tenesteområda. Nye eller endra behov skal meldast inn til strategigruppa via dei etablerte fag- og sjustjernergruppene eller via kvar kommune sin representant i strategigruppa. Sakene skal handsamast i tråd med dette dokumentet, IKT-strategi og følgjast opp i årleg handlingsplan.

Digitaliseringsstrategi baserar seg på KS sin digitaliseringsstrategi for kommunar 2017-2020 som tek utgangspunkt i Meld. St. 27 (2015–2016) Digital agenda for Norge.

Stortingsmeldinga formulerar fem hovedprioriteringer for den nasjonale IKT-politikken, som også er gyldige for kommunane. Dokumentet skal leggjast til grunn for det kommunale plan- og utviklingsarbeidet i medlemskommunane. Strategien har brei forankring i samarbeidskommunane gjennom sjustjernerfellesskapa, faggrupper, leiargrupper og ordførarar.

Digitaliseringsstrategi for samarbeidskommunane i SSIKT 2017-2020 erstattar tidlegare strategi frå 2012.



- / Kommunane skal tilby driftssikre, heilskaplege, moderne og effektive løysingar.**
- / Tiltak med stor grad av sjølvbetening og automatisering, der gevinstpotensialet for både innbyggjarar og kommunane er størst, skal prioriterast og gevinstane hentast ut.**
- / Kommunane skal i samråd med kvarandre og SSIKT legge ein plan for standardisering av innkjøp og forvaltning.**

Brukaren i sentrum

For å betre og utvikle digitale løysingar må behova til dei som brukar løysingane ligge til grunn. Brukarane må difor takast med i utviklinga av tenestene.

For brukarane vil gode digitale løysingar gjere kvardagen enklare og meir effektiv. Med omgrepet brukar meiner ein både innbyggjarar, tilsette, frivillig sektor og offentlege og private verksemdar.

Kommunane i SSIKT skal i samarbeid gjennom gode og samanhengande digitale tenester bidra til heilskaplege og gode tenestetilbod. Mange brukarar er vane med avanserte digitale løysingar og forventar at det offentlege kan levere sameleis. Innbyggjarane sine behov for dei ulike kommunale tenestene vil i stor grad vere avhengig av kva livssituasjon dei er i.

I dag kan mykje av sakshandsaminga automatiserast og tilpassast livsfasar. Det kan gjerast gjennom å tilby såkalla «pushtenester». Dette er tenester der innbyggjaren ikkje sjølv treng å gjere noko for å ta i mot tenesta, fordi kommunen veit når innbyggjaren har behov for tenesta og tildeler den automatisk. Automatiserte regelstyrte prosessar og kunstig intelligens kan hjelpe dei tilsette i forvaltninga. For brukarane

betyr det raskare svar og enklare sjølvbetening. For at ei teneste skal verte opplevd som nyttig av brukarane, må utviklinga av tenesta vere basert på ei grunnleggjande forståing av brukarane sine behov. Samarbeidskommunane må utfordre etablerte arbeidsprosessar og tenester. Rådmannen med si leiargruppe i den einskilde kommune har hovedansvaret for gjennomføringa. Ein anbefalt metode er å nytte tenestedesign. Dette inneber ei systematisk kartlegging av kva behov dei som brukar tenesta har. Ofte syner det seg at etablerte løysingar er utilgjengelege, vanskelege og ikkje møter faktiske behov. Bruk av tenestedesign gjev nyttig innsikt for å kunne forbetre og utvikle gode digitale tenester. SSIKT skal støtte opp om prosessane og vere katalysator for å sette endringane i drift.

Nye digitale tenester skal vere universelt utforma, og dei eksisterande skal følge krava om universell utforming innan 1. januar 2021. Universell utforming skal bidra til å gjere løysingane lette å forstå og enkle og bruke. **Enkelt og klart språk, responsiv design tilpassa brukaren sine arbeidsflater og at rett informasjon er lett tilgjengeleg, er ein føresetnad for god kommunikasjon og brukartilfredsheit.**





1 / Kommunane skal digitalisere sine tenester med utgangspunkt i brukarane sine behov

2 / Kommunane skal automatisere regelstyrte prosessar

3 / Kommunane skal syte for at digitale løysingar følgjer krava om universell utforming

4 / Kommunane skal kommunisere i eit klart og forståeleg språk

Digitalisering er viktig for innovasjon og auka produktivitet

Det er leiarane og tilsette si evne til å endre og utvikle organisasjon, arbeidsprosessar og tenester som skapar verdi. Digitalisering er eit vesentleg virkemiddel for verdiskapinga. Digitalisering gjer det mogleg å løyse samfunnsutfordringar på nye måtar og dermed skape samfunnsmessige gevinstar.

SSIKT skal vere ein kompetent innkjøpar og nytte innkjøpsprosessar som sikrar nye dei beste tenestene. Nye framtidsretta og innovative innkjøp av høg kvalitet handlar om å nytte høva regelverket gjev i alle fasar av prosessen. **Når innkjøpar er tydeleg på sine behov og etterspør innovasjon i sine nyinnkjøp, vert marknaden utfordra til å utvikle løysingar som møter morgondagens behov.** Fellesutfordringar må løysast i lag gjennom felles løysingar. Dette opnar for raskare implementering, betre kvalitet og lågare totalkostnad.

For å kunne tilby gode tenester til ei stadig eldre befolkning, må velferdsteknologi takast i bruk og tenestene i omsorgssektoren endrast. Velferdsteknologi kan bidra til auka meistring, tryggleik og kontroll over eigen helsestilstand for

innbyggjarane, i tillegg til å førebyggje belastningsskadar hjå dei tilsette. SSIKT og sjusterna omsorg skal vere pådrivar og legge til rette for føremålstenleg bruk av velferdsteknologi.

Stordata er alt fra offentlege data og informasjon som vert lagt ut på internett, til data frå bedrifter og sanntidsinformasjon frå sensorar i det offentlege rom. Analyse av store datamengder kan nyttast til å vurdere om tenestene har effekt og møter brukarane sine reelle behov, og til å planlegge framtidige tenester og løysingar. Å gjere data tilgjengeleg for ekstern bruk, bidreg til at næringslivet, forskings- og utviklingsmiljø og innbyggjarane sjølve kan få tilgang til data og bruke dei i nye samanhengar. Næringslivet og kommunane får høve til å utvikle nye produkt og tenester, og innbyggjarane kan få større tilgang til informasjon.

«Smarte lokalsamfunn» involverer innbyggjarar og næringsliv og nyttar teknologiske løysingar for å sikre betre oppgåveløysing, meistre utfordringar i samfunnet og automatisere prosessar. I tillegg legg dei til rette for sjølvhjelp og meistring.





- 1 / Kommunane skal ta i bruk teknologi som gjev effektive tenester og tenesteinnovasjon**
- 2 / Kommunane skal gjennom innovative nyinnkjøp syte for nyskaping og auka produktivitet**
- 3 / Kommunane skal syte for at sektoren sine opne offentlege data vert gjort tilgjengelege**
- 4 / Kommunane skal ta i bruk velferds-teknologiske løysingar som gjev auka produktivitet, betre tryggleik og betre tenestekvalitet for brukarane**
- 5 / Kommunane skal sjå på moglegheitene stordata gjev til planlegging og styring av tenester**
- 6 / Kommunane skal ta i bruk digitale løysingar som gjer at brukaren finn informasjon om egne saker i «ei» løysing.**

Styrka digital kompetanse og deltaking

Kommunane skal i all hovudsak kommunisere med innbyggjarar og næringsliv gjennom digitale kanalar. Teknologi gjev nye moglegheiter for auka demokratisk deltaking og betre tenester, men gjer det samstundes vanskelegare for dei som ikkje heng med i den digitale utviklinga.

Digital kompetanse er ein føresetnad for å lukkast med digitalisering. Kommunane skal bidra til at alle innbyggjarar får grunnleggjande digital kompetanse.

Arbeid med kvalitetsutvikling og effektivisering ved hjelp av digitalisering set krav til ny kompetanse. Når kommunane legg vekt på tverrfaglegheit og ei samanhengande offentleg forvaltning, vert det skapt eit behov for å forstå organisasjonsutvikling og endringsprosessar på tvers av sektorar.

Medarbeidarar i alle fagområde må vere budde på å løyse oppgåver på nye måtar for å møte krav og forventningar om effektive tenester av høg kvalitet. Dette stiller krav til dei tilsette sin kompetanse. Kompetente medarbeidarar er ein viktig ressurs i vidareutviklinga av tenester og arbeidsprosessar. Ein føresetnad for vellykka

endringsprosessar er medverknad, god informasjon flyt og opplæring.

Leiarane sin kompetanse og handtering av digitale omstillingsprosessar er avgjerande for å skape meir effektive arbeidsprosessar, levere høg tenestekvalitet, redusere sårbarheita, gje økonomisk gevinst og framstå som ein attraktiv arbeidsgjevar for arbeidstakarar i framtida.

Leiarane må sjå samanhengen mellom tenesteproduksjon og teknologibruk, og bruke dette til tenesteutvikling. Evne til omstilling og digital kompetanse må vektleggast i tilsettingsprosessar.





- 1 / Kommunane skal legge til rette for naudsynt digital kompetanse hjå innbyggjarane**
- 2 / Kommunane skal ha leiarar og tilsette med kompetanse til å innføre og bruke digitale verkty og andre teknologiske løysingar til utvikling av kommunen sine tenestetilbod**
- 3 / Kommunane skal legge til rette for at ein beheld kompetanse lokalt**

Effektiv digitalisering av kommunane

Dei digitale tenestene skal opplevast som **samanhengande og heilskaplege for brukarane**. Dei digitale tenestene kommunane tilbyr etterspør ofte den same informasjonen frå brukarane. Digitalisering av tenester til innbyggjarar og næringsliv har difor eit stort gjenbrukspotensiale. For å få til gjenbruk må dei kommunale systema snakke betre saman internt i forvaltninga og mot statlege system. Ein føresetnad for å

lukkast er gode innkjøpsprosessar, samordning mellom kommunane i SSIKT og godt samarbeid på tvers av sektorane. Ein må ta i bruk funksjonalitet i dei systema ein har. Dei nasjonale og kommunale felleskomponentane skal leggjast til grunn for utviklinga av digitale tenester i SSIKT. Kommunane skal arbeide for best mogleg breidbandsdekning for innbyggjarane for å realisere moglegheitene digitale tenester gjev.





- 1 / Kommunane skal tilby heilskaplege tenester**
- 2 / Kommunane skal gjenbruke data på tvers av systema for å sikre gode tenester**
- 3 / Kommunane skal vere ein tydeleg premissleverandør i digitaliseringsarbeid gjennom bruk av felleskomponentar**
- 4 / Kommunane skal dele resultat og erfaringar frå eige digitaliseringsarbeid**
- 5 / Kommunane skal ta i nytte eksisterande løysingar sin funksjonalitet fullt ut**
- 6 / Kommunane skal ha ein breidbandsplan for utbygging av digital infrastruktur**
- 7 / Kommunane skal ha ei open saks- handsaming. Det skal leggast til rette for ein heildigital saksgang med innsyn, medverknad og sjølvbetening**

Informasjonstryggleik, personvern og dokumentforvaltning

Informasjonstryggleik og personvern på alle område er ein føresetnad for tillit til digitale løysingar. Kommunane må ha personvernombod, og nye løysingar skal ha innebygd personvern frå 2018.

Med heildigital kontakt med innbyggjarar og næringsliv aukar kravet, men også moglegheitene, til å gje innsyn i eigne saker. Opplysningar om den enkelte skal vere tilgjengeleg ved behov samtidig som opplysningane ikkje skal kome på avvegar.

Innbyggjarane skal i størst mogleg grad ha råderett over eigne personopplysningar.

Datakriminalitet, sabotasje og digitale innbrot på kommunale og fylkeskommunale IKT-system kan få store samfunnsmessige konsekvensar. Handtering av hendingar krev system for avvik- og krisehandtering. SSIKT skal samarbeide og dele informasjon om hendingar.

Automatisering av sakshandsaming og moglegheiter for kommunikasjon på tvers av IT-system vil kunne påverke korleis offentlege oppgåver vert organiserte og utforma i framtida. Skytjeneste og innsamling og bruk av stordata utfordrar informasjonstryggleik og personvern.

Kommunane sin dokumentasjon skal vere tilgjengeleg på kort og lang sikt for alle som har rettmessige krav. For å oppnå dette må kommunane ha forsvarleg og effektiv arkiv- og dokumentasjonsforvaltning no og i framtida. Det er krav om langtidsbevaring av dokumentasjon og arkiv frå alle delar av verksemda. Heilskapleg dokumentasjons- og arkivforvaltning skal sikre rett tilgang, hensiktsmessig bruk, rettidig sletting og at arkivverdige opplysningar faktisk vert arkiverte. Planar for avslutning, sletting, arkivering og tilgjengeleggjering skal ligge føre ved utskifting eller avslutning av IT-system.





- 1 / Kommunane skal syte for informasjons-tryggleik og personvern på alle område**
- 2 / Kommunane skal sikre at rett informasjon er tilgjengeleg for rett person**
- 3 / Kommunane skal sørge for innebygd personvern i nye løysingar i tråd med til ei kvar tid gjeldande lovverk**
- 4 / Kommunane skal ha styringssystem for informasjonstryggleik**
- 5 / Kommunane skal dele informasjon om tryggleikshendingar dei har vore utsett for**
- 6 / Kommunane skal ha heilskapleg dokumentasjons- og arkivforvaltning**

Målsettingar og satsingar for tenesteområda



ADMINISTRASJON OG FELLESTENESTER

Kommunane på Søre Sunnmøre har eit eit godt samarbeid om dei fellesadministrative løysingane. Dette gjeld mellom anna felles sak/arkivløysing, økonomisystem og intranett. For å hente ut kompetansemessige og økonomiske gevinstar fram mot 2020 skal det leggjast planar for samling av avvikande løysingar. Tettare faglege samarbeid må utgreiast.

Tilsette skal ha effektive, brukarvenlege og trygge verkty som støttar arbeidsflyten i organisasjonen.

Data skal i størst mogleg grad kunne gjenbrukast mellom systema. Ein skal jobbe for å integrere mot andre grunnsystem og automatisere dei arbeidsprosessar der det gjev effekt.



HELSE- OG OMSORGSTENESTENE

Helse- og omsorgstenestene på Søre Sunnmøre har over fleire år hatt eit fruktbart samarbeid i Sjustjerna omsorg og frå SSIKT. Mobil pleie og meldingsløftet er gode døme på fellessatsingar.

Dei tilsette skal ha tilgang på føremålstenlege verky slik at dei når pasientopplysningar når dei treng det. Tilgjengelegheit aukar datakvalitet og betrar pasientforløpet.

Norm for informasjonssikkerheit i helse- og sosialtenesta og personvernforordninga skal ligge til grunn for trygging av personopplysningar.

Dei tilsette skal ha tilstrekkeleg digital kompetanse for å trygge god bruk av elektronisk pasientjournal (EPJ) og velferdsteknologiske løysingar i tenesta.

Kommunane i SSIKT-samarbeidet skal i fellesskap drive tenesteinnovasjon og løyse utfordringar knytt til ei eldre befolkning gjennom gode velferdsteknologiske løysingar.



OPPVEKST

Oppvekstsektoren på Søre Sunnmøre har eit godt samarbeid som har eksistert i mange år gjennom Sjustjerna Oppvekst.

Barnehagar og skular på Søre Sunnmøre skal utvikle borna sine digitale ferdigheter slik at dei vert betre rusta til å bruke digitale verkty, medium og ressursar.

Dette er spesielt viktig for dei som ikkje har erfaring med digitale verkty heime. Her kan barnehage og skule vere med å utjamne den sosiale skilnaden. Digitale verkty kan gi betre læring i fag og soleis gi meirverdi for borna si læring. Digitale verkty skal gje betre moglegheiter for tilpassa opplæring og variasjon.

Barnehageborn og elevar skal oppnå mål i rammeplanar og læreplanar. Digital ferdigheit er nedfelt i læreplanverket som ein av fem grunnleggjande ferdigheiter i skulen og skal vere integrert i alle fag.

Kommunane skal i samråd med kvarandre og SSIKT legge ein plan for standardisering, innkjøp og forvaltning av digitale læremiddel og utstyr, samt legge planar for kompetanseutvikling for tilsette.



TEKNISK

Innbygger og næringsliv forventar at kommunane legg til rette for ei utvikling som sikrar optimalisert arealbruk og utbygging. Kartdata og informasjon som ligg i karta er vesentleg input for tenestene som vert levert av teknisk sektor.


Overordna mål er å syte for at digitale kartbasar med relevante informasjonslag er integrert med andre relevante system og tilgjengelege for kommunen sine innbyggjarar. Dette gir betre kvalitets-sikring og nøyaktig planlegging, betre byggesakshandsaming og eit forbetra kartenestetilbod til ålmenta og næringsliv.

Det skal etablerast eit overordna samarbeidsorgan for koordinering og utvikling av IKT-tenester for teknisk sektor. Programvaren teknisk sektor nyttar skal standardiserast for å samle kompetansen og lette utviklingsarbeidet.

Kommunane skal ha ei open sakshandsaming i plan- og byggesaksprosessar. Det skal leggjast til rette for ein heildigital saksgang med innsyn, medverknad og sjølvbetjening.

Innad i kommunane skal ein ved å utnytte det potensialet som ligg i å koble digitale kartdata med tabelldata, gjere nyttig informasjon meir tilgjengeleg også for andre sektorar, noko som vil bidra til å både effektivisere og kvalitetssikre kommunale oppgåver.

Kommunane skal legge ein plan for å betre integrasjonen mellom fagsystema innanfor teknisk sektor og mot matrikkelen, samt legge til rette for gjenbruk og deling av kommunaltekniske fagdata.





DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Kommuner
Fylkeskommuner
KS

Deres ref

Vår ref

Dato

17/4008-2

11.09.2017

Digitalisering i kommunal sektor

Digitalisering skaper helt nye måter å levere offentlige tjenester på, og er en viktig drivkraft for forenkling og forbedring av offentlig sektor. Det er behov for en raskere digitalisering av offentlig sektor og et løft i kommunesektoren. Derfor må stat og kommune samarbeide mer og bedre for å tilby innbyggere og næringsliv gode, brukervennlige og helhetlige digitale tjenester.

Dette brevet inneholder en kort gjennomgang av de viktigste tiltakene med relevans for kommunal sektor i den statlige digitaliseringspolitikken.

1. Digital agenda for Norge

Departementet ønsker å løfte frem følgende områder og tiltak fra Meld. St. 27 (2015-2016) *Digital agenda for Norge. IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet*¹:

Mer helhetlige løsninger

Mange offentlige tjenester forutsetter et utstrakt samarbeid mellom statlig og kommunal sektor. Når det gjelder oppgaver som løses på tvers av statlig og kommunal sektor, vil regjeringen at de statlige virksomhetene skal ta et større ansvar for at det utvikles helhetlige, digitale løsninger som også kan benyttes av kommuner og fylkeskommuner, og som dekker behovene i kommunal sektor. I

¹ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-27-20152016/id2483795/>

tillegg skal statlige virksomheter ta mer hensyn til kommuner og fylkeskommuner i sitt digitaliseringsarbeid.

Ordning for finansiering av kommunale IKT-prosjekter

I Kommuneproposisjonen ble det varslet at departementet setter av 25 mill. kroner over prosjektskjønnet på kap. 571 post 64 i 2017 til en KS-administrert ordning for finansiering av kommunale IKT-prosjekter. For 2018 tar departementet sikte på å sette av 100 mill. kroner til formålet. Ordningen skal bidra til finansiering av IKT-prosjekter som kan komme hele kommunal sektor til gode.

KS skal informere kommunesektoren høsten 2017 om hvordan ordningen skal legges opp og hvordan prosjektene skal finansieres.

Digital postkasse til innbyggere

Digital post gjør innbyggerens kommunikasjon med det offentlige raskere, tryggere og enklere. *Digital postkasse til innbyggere* er en sikker løsning, og kommuner og fylkeskommuner kan sende både vedtak og andre viktige henvendelser, inkludert sensitive personopplysninger. Med digital post sparer kommunal sektor penger, mens innbyggerne får bedre tjenester. KS SvarUT kan videresende post til *Digital postkasse til innbyggere*. Kommuner som ikke har tatt i bruk digital postkasse ennå, kan ta kontakt med KS og få hjelp til å koble seg på.

I 2014 ble forvaltningsloven² og eForvaltningsforskriften³ endret slik at forvaltningen som hovedregel skal kommunisere digitalt med innbyggere og næringsdrivende. Forvaltningsorganet skal sørge for at parten blir varslet om at enkeltvedtak er fattet, og hvor og hvordan vedkommende kan skaffe seg kunnskap om innholdet. Vedtaket kan for eksempel bli gjort tilgjengelig i mottakers digitale postkasse. Hvis mottaker ikke har skaffet seg tilgang til enkeltvedtaket innen én uke fra det tidspunktet vedtaket ble gjort tilgjengelig, og varsel ble sendt, skal parten varsles digitalt en gang til (per e-post eller sms). Det vil si at det ikke lenger er slik at vedtak og lignende må sendes på papir til mottaker dersom han eller hun ikke har åpnet det i den digitale postkassen.

ID-porten

ID-porten er en innloggingsløsning som gir innbyggerne sikker tilgang til over 1300 netjtjenester fra ca. 700 statlige og kommunale etater. Innbyggerne kan bruke MinID, BankID og BankID på mobil, Buypass og Buypass på mobil samt Commfides. I gjennomsnitt gjennomføres det 200 000 innlogginger hver dag. For

² Lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven).

³ Forskrift 25. juni 2004 nr. 988 om elektronisk kommunikasjon med og i forvaltningen (eForvaltningsforskriften).

mer informasjon se <https://www.difi.no/fagomrader-og-tjenester/digitale-felleslosninger/id-porten>.

eSignering

Difi har etablert en felles tjeneste for elektronisk signering. eSignering er en frittstående tjeneste som er tilgjengelig for offentlige virksomheter. Tjenesten bidrar til en brukervennlig, sikker og effektiv håndtering av dokumenter som krever signatur fra innbyggere, og tilbyr både avansert elektronisk signatur og autentisert elektronisk signatur. Signeringstjenesten kan brukes både ved integrasjon mot KS SvarUT og kommunens egne fagsystemer, eller som en frittstående tjeneste fra Difi. Tjenesten forvaltes av Difi og leveres av Posten Norge AS.

Altinn for kommunal sektor

Altinn er en nasjonal felleskomponent som statlige etater som hovedregel skal bruke ved produksjon av relevante digitale tjenester. Kommunal sektor kan også bruke Altinn, og i januar 2016 inngikk Brønnøysundregistrene og KS en avtale som gjør det enklere for kommunesektoren å tilby nye, nettbaserte tjenester. Kommuner som ønsker å benytte denne avtalen kan ta kontakt med KS for mer informasjon.

Nytt folkeregister i 2019

Skatteetaten vil i 2019 ferdigstille arbeidet med et modernisert Folkeregister. Det innebærer bl.a. nye tekniske grensesnitt, bedre kvalitet og nye tjenester for Folkeregisterets konsumenter og produsenter. Nytt folkeregister kan tilrettelegge for enklere saksbehandling for kommunene, siden opplysninger i Folkeregisteret blir raskere oppdatert enn tidligere. Kommunene kan dermed igangsette egne prosesser tidligere enn i dag og utvikle nye innbyggervennlige tjenester. Som en del av arbeidet trer også ny lov og forskrift for folkeregistrering i kraft 1. oktober 2017. Den nye loven vil forenkle tilgangen til personopplysninger om personer både i og utenfor egne kommunegrenser. Skatteetaten samarbeider med KS om kommunal sektors behov for tilgang til opplysninger i et modernisert Folkeregister. I tillegg jobbes det for at kommunal sektor i produsentrollen (helse, barnevern og vigsels) skal kunne sende opplysninger til Folkeregisteret på en mer sikker og effektiv måte. KS har etablert et eget prosjekt for å ivareta kommunal sektors behov opp mot modernisert Folkeregister. Den enkelte kommune oppfordres til å selv kartlegge endringsbehovet som følger av et modernisert Folkeregister.

Bruk av IT-standarder

Kommunal sektor skal bruke obligatoriske IT-standarder slik de framgår av standardiseringsforskriften.⁴ I tillegg bør kommuner og fylkeskommuner også

⁴ Forskrift 5 april 2013 nr. 959 om IT-standarder i offentlig forvaltning. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2013-04-05-959>.

benytte de anbefalte standardene. Standardene legger til rette for og fremmer elektronisk samhandling med og i forvaltningen. *Referansekatalogen* gir en oversikt over anbefalte og obligatoriske IT-standarder i offentlig sektor.⁵ Spørsmål om bruk av standarder kan rettes til Difi.

Ny løsning for Offentlig elektronisk postjournal (OEP) – eInnsyn

Ved årsskiftet 2017/2018 vil den nye løsningen bli satt i produksjon. Løsningen er et samarbeid mellom Difi og Oslo kommune for å utvikle en felles publikasjons- og innsynsløsning som skal erstatte dagens Offentlig Elektronisk Postjournal (OEP) og Søk i politiske saker (SIPS).

Løsningen er utviklet med sikte på etter hvert å kunne benyttes av alle kommuner og fylkeskommuner.

Oslo kommune er i dialog med kommunal sektor og vil invitere til deltakelse i piloter. Kommuner og fylkeskommuner som ønsker informasjon, som vil prøve ut tjenesten eller ønsker å publisere i en felles tjeneste som eInnsyn kan ta kontakt med Oslo kommune eller Difi. Se <https://einnsyn.difi.no/>.

Kommunale veiledningstilbud

KMD har gjennomført et toårig program for økt digital deltakelse og kompetanse (Digidel, <http://digidel.no/>). Programmet utviklet bl.a. ulike opplæringsressurser som nå overtas og videreutvikles av Kompetanse Norge (tidligere Vox). Disse opplæringsressursene er fritt tilgjengelige for alle som vil tilby etter- og videreutdanning innen digital kompetanse.

KS og KMD samarbeider om å etablere tilbud om veiledning og opplæring i digital kompetanse i alle landets kommuner (Digihjelpen). Kommunene bestemmer selv hvordan de ønsker å gi grunnleggende opplæring i digital kompetanse til innbyggerne. Digihjelp-prosjektet vil innen utgangen av januar 2018 utarbeide en «håndbok» som bl.a. vil beskrive hvordan et kommunalt tilbud om veiledning innen digital kompetanse kan etableres og driftes på en kostnadseffektiv måte ved bruk av eksisterende ressurser og bistand fra bl.a. Kompetanse Norge, NAV, Skatteetaten, Seniornett og med bidrag fra ulike frivillige og private aktører.

«Én innbygger - én journal»

Helse- og omsorgssektoren er i gang med å realisere en løsning for «Én innbygger – én journal». Arbeidet er omfattende og vil ta lang tid. Utviklingen må derfor skje stegvis. Første steg på veien er Helseplattformen i region Midt-Norge. Helse- og omsorgsdepartementet har bedt Direktoratet for e-helse om å utarbeide et veikart for den samlede gjennomføringen av arbeidet med én innbygger – én

⁵ <https://www.difi.no/fagomrader-og-tjenester/digitalisering-og-samordning/standarder/referansekatalogen>.

journal. Direktoratet skal videre gjennomføre et forprosjekt om en nasjonal løsning for kommunal helse- og omsorgstjeneste som er integrert med spesialisthelsetjenestens løsninger. Arbeidet skal foregå i tett samarbeid med kommunesektoren, spesialisthelsetjenesten, øvrige nasjonale fagmyndigheter og pasient- og brukerorganisasjoner. Forprosjektet og veikartet vil gi grunnlag for beslutninger om videre gjennomføring av én innbygger – én journal.

Velferdsteknologi

Gjennom nasjonalt velferdsteknologiprogram har over 30 kommuner prøvd ut trygghets- og mestringsteknologi i omsorgstjenesten. Programmet ledes av Helsedirektoratet i samarbeid med Direktoratet for e-helse og KS. En viktig del av prosjektet er følgeforskning, hvor gevinster og effekter ved bruk av velferdsteknologi synliggjøres. Det er utgitt to gevinstrapporter med anbefalinger fra prosjektet (IS-2416, IS-2557). Rapportene er entydige, og viser at bruk av velferdsteknologi har store gevinster når den brukes riktig. Prosjektet gikk i 2017 over fra pilotering og utprøving, til implementering og drift i nye kommuner. Om lag 200 nye kommuner er nå en del av det nasjonale velferdsteknologiprogrammet med mål om å innlemme trygghets- og mestringsteknologi i kommunens ordinære tjenestetilbud de neste årene. Brukerne opplever større mestring, trygghet og selvstendighet ved bruk av teknologien. Kommunene rapporterer om økt omsorgskapasitet og bærekraft. Dokumentasjonen på dette teknologiområdet er god, og det er derfor viktig at kommunene utnytter denne teknologien i omstillingen av helse- og omsorgstjenestene.

Kommunestruktur og IKT

Kommunesammenslåing foregår i en digital kontekst. Digitalisering berører alle tjenestekområder i en kommune, og tjenesteproduksjon foregår i økende grad digitalt. Bruk av digitale tjenester og IKT-systemer har mye å si for kommunens evne til å utføre lovpålagte oppgaver med god kvalitet på mest mulig effektiv måte. Håndtering av IKT ved kommunesammenslåing er derfor kritisk, og samtidig et sentralt virkemiddel i omstillingsarbeidet ved etablering av den nye kommunen.

Ved sammenslåing av kommuner eller fylkeskommuner vedtas som hovedregel nye kommune- og fylkesnumre, og det er viktig at systemene er tilstrekkelig fleksible til å håndtere endringer av denne typen.

Som del av kommunereformen har Kartverket fått i oppdrag fra KMD å ivareta rollen som teknisk koordinator av statlige etater om IKT-spørsmål i kommune- og regionreformen, og være kontakt med faglig støtte for kommunene i forbindelse med endringer av kommunenummer og adressering som følge av kommune- og regionreformene. Dette innebærer blant annet å koordinere samarbeidet mellom statlige virksomheter og involverte kommuner, og avdekke avhengigheter mellom ulike IT-løsninger. Det er blant annet utarbeidet en sjekkliste for kommuner som

skal gjennomføre sammenslåing, med oversikt over oppgaver og tidsfrister. Nyttig informasjon om kommunereform og digitalisering finnes på <http://www.kartverket.no/kommunereform/>.

2. Digitaliseringsrundskrivet for statlige virksomheter

Digitaliseringsrundskrivet (rundskriv H-7/17) er en sammenstilling av pålegg og anbefalinger vedrørende digitalisering i offentlig sektor, og gir et helhetlig bilde av hvilke føringer som gjelder. Det gjelder for statlige virksomheter, og har blitt sendt ut hvert år siden 2009.

Rundskrivet henviser til en rekke krav som er hjemlet i lov, og som derfor også gjelder kommunene. De øvrige kravene i rundskrivet gjelder ikke for kommunene. Rundskrivet er vedlagt.

Departementet oppfordrer kommunene til å gjøre seg kjent med kravene som stilles til statlige virksomheter på digitaliseringsområdet, og også til å vurdere om noen av anbefalingene kan være relevante for kommunenes digitaliseringsarbeid.

Med hilsen

Jan Hjelle (e.f.)
ekspedisjonssjef

Timothy Szlachetko
seniorrådgiver

1 vedlegg: Digitaliseringsrundskrivet (H-7/17)



Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2018/320
		Arkiv:	000

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
53/18	Formannskapet	13.03.2018
	Kommunestyret	22.03.2018

VARSLING - RUTINAR PÅ VARSLING AV PERSONER I LEIARGRUPPA TIL RÅDMANNEN

Tilråding:

Rådmannen i Vanylven vil vere administrativt ansvarleg ved varsel på tilsette i leiargruppa til rådmannen, og kommuneadvokaten vil fungere som varslingsseining – og vil vere rådgjevar i desse sakene

Særutskrift:

- Vanylven kommune
- Rådmannen si leiargruppe
- Hovudtillitsvalde
- Kontrollutvalet

Vedlegg:

- Varslingsplakat

Samandrag av saka:

Dersom det vert varsla om kritikkverdige forhold når det gjeld tilsette i leiargruppa til rådmannen, vil det vere rådmannen i Vanylven som handterer dette administrativt, med kommuneadvokaten som rådgjevande organ.

Saksopplysningar:

Kommunestyret i Vanylven har gjort slikt vedtak:

«Rådmannen i Herøy vil vere administrativt ansvarleg ved varsel på tilsette i leiargruppa til rådmannen, og kommuneadvokaten vil fungere som varslingsseining – og vil vere rådgjevar i desse sakene.

Rådmannen i Vanylven kan vere administrativ ansvarleg ved varsel på tilsette i leiargruppene i andre kommunar, dersom desse kommunane ynskjer det.»

Varsling er å seie frå om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen.

Lovreglar om varslingsreglar var gjort gjeldande frå 1. januar 2007, arbeidsmiljølova (AML) §§ 2-4, 2-5 og 3-6. Reglane lovfestar retten til å varsle om kritikkverdige forhold i verksemda, og gir arbeidstakaren vern mot gjengjelding. Arbeidsgjevar vert pålagt å legge forholda til rette for intern varslingsreglar. Lova vart endre i 2017 med styrking av vern og ei utviding av kven som vert omfatta.

Kommunane bør vere opne organisasjonar der medarbeidarane vert oppfordra til å varsle internt om alle kritikkverdige forhold. I ein open organisasjon vil det vere kultur for å stille spørsmål, også ved kritikkverdige forhold, og behovet for å varsle vert mindre.

Dei varslings- og oppfølgingsrutinane som er utvikla, skal vere i samsvar med arbeidsmiljølova sine reglar og ha legitimitet i organisasjonen. Vidare skal dei vere kjende for alle, vere enkle å bruke, og dei skal sikre rettstryggleiken, både for varslaren og dei personane det vert varsla om.

Retten til å varsle:

Eit hovudmål med varslingsreglane om kritikkverdige forhold er å signalisere at varslingsreglar både er lovleg og ønska.

Eksempel på kritikkverdige forhold kan vere:

- Forhold som kan medføre fare for liv og helse
- Mobbing og trakassering
- Korrupsjon
- Maktmisbruk
- Underslag, tjuveri og økonomisk misbruk
- Brot på teieplikt
- Diskriminering

I nokre tilfelle ligg det føre varslingsplikt. Dette medfører at lova pålegg ei plikt til å gje opplysning om nærare bestemte forhold til andre offentlege styresmakter.

Eksempel på slik lovreglar er:

- Arbeidsmiljølova § 2-3 nr. 2
- Helsepersonellova § 17
- Barnevernlova § 6-4

Framgangsmåten ved varsling skal vere forsvarleg. Det vil normalt vere forsvarleg å varsle internt til ansvarleg person i verksemda. Det same gjeld dersom ein tilsett varslar i tråd med interne rutinar eller til tilsynsstyresmakter eller liknande offentlege organ.

Plikt til å legge til rette for intern varsling:

Arbeidsgjevar skal legge forholda til rette for intern varsling i tilknytning til det systematiske HMS- arbeidet i kommunen. I kommunane er det utarbeidd skriftlege rutinar og prosedyrar for **når det skal varslast, kven det skal varslast til og korleis varslinga skal følgjast opp.**

Det er utarbeidd rutinar for varsling og oppfølging, jfr. vedlegg.

Dei ordinære varslingskanalane vil vere

- Leiinga i lina
- Tillitsvalde
- Verneombod

Dersom varslinga gjeld eigen leiar eller leiar ikkje gjer noko med forholda, kan det varslast forbi leiaren, eventuelt til rådmannen. Dersom varslaren vurderer varsling i lina som utilstrekkeleg, eller varslaren ikkje ønskjer å ta opp forholda på eigen arbeidsplass, kan det varslast til tillitsvalde eller verneombod.

For dei tilfelle der det vert avdekt grove kritikkverdige forhold, kritikkverdige forhold som ikkje vert tekne alvorlege av den øvste administrative leiinga eller som vert utført av denne, vil også kontrollutvalet vere ein instans å varsle. Dette gjeld særleg saker innan økonomiforvaltninga, kjøp og liknande saker, og alvorlege saker på område der det ikkje finst andre tilsynsorgan. Saka vert då løfta opp på politisk nivå dersom kontrollutvalet ser så alvorleg på saka at det vel å gå til kommunestyret med ho.

Det er utarbeidd rutinar for korleis varslaren skal få tilbakemelding på behandlinga av varslinga. Varslaren skal få korrigerande opplysningar frå arbeidsgjevar der det er nødvendig, m.a. dersom undersøkinga viser at forholdet ikkje var kritikkverdig. Det skal takast omsyn til rettstryggleik og personvern for personen det vert varsla om, retten til å verte gjort kjend med påstandar retta mot seg sjølv og høve til å imøtegå dei.

Vurdering og konklusjon:

Det viser seg ved varsel på leiarar i rådmannen si leiargruppe, så er det vanskeleg å oppnå tilstrekkeleg organisatorisk avstand til den som skal handtere varselet. Dette er viktig for å sikre truverdnet i handsaminga, og dette er rutinar som må vere på plass før det kjem varsel mot tilsette i leiargruppa. Eg rår difor til at rådmannen i Vanylven vert administrativt ansvarleg ved varsel på tilsette i leiargruppa til

rådmannen, og at kommuneadvokaten vil fungere som varslingsseining – og vil vere rådgjevar i desse sakene

Fosnavåg, 05.03.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann



VARSLINGSPLAKAT – RUTINE FOR VARSLING OG OPPFØLGING

Nærværende rutine er oppdatert 12.12.2017 i tråd med endringer i Arbeidsmiljølova § 2 A-3 og gjeldende saksgang i Compilo.

Intern varsling

- Medarbeidarane vert oppmoda om å varsle om kritikkverdig forhold.
- Varslinga skal vere forsvarleg, og det skal ikkje straffast som følge av varslinga.
- Varsling via skjemaet i Compilo er forsvarleg.
- Varsling i samsvar med varslingsplikt, eller varsling til tilsynsstyresmakt eller anna offentlig styresmakt, er også alltid forsvarleg.
- Varselet skal leverast til rådman, nærmaste leiar og tillitsvald/verneombod kan få kopi av varselet.
- Arbeidsgjevar ynskjer at varselet skal underskrivast med namn, for at arbeidsgjevar kan innhente ytterlegare opplysningar frå varslar og gje tilbakemelding til varslaren om kva som vert gjort med forholdet. Det kan likevel varslast anonymt.
- Medarbeidar skal ha tilbakemelding innan 14 dagar om kva som skjer med saka du har varsla om.

Intern oppfølging

Trinn	Oppfølging av forholdet	Dato
1.	Varselet motteke av.....	
2.	Undersøking gjennomført	
3.	Konklusjon	
4.	Tilbakemelding til varslar	
5.	Nødvendig informasjon gitt til den eller dei det er varsla om	
6.	Tiltak	
7.	Vidare oppfølging planlagt	
8.	Vidare oppfølging gjennomført	



VARSLING

Å varsle er å melde frå om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen til nokon som kan gjere noko med det jf. AML § 2 A-1 (1).

- Du har rett til å varsle munnleg eller skriftleg.
- Skriftlege varsel skal som hovudregel gjerast via Compilo.
- Varsling skal skje til:
 - Rådmann
 - Det kan i *tillegg* varslast til næraste leiar, verneombod og tillitsvald
- Ved munnleg varsel skal mottakar skrive ned dei opplysningane i saka.
- Varslar skal ha tilbakemelding om utfallet.
- Varslar er verna mot negative reaksjonar. Dette gjeld alt som har karakter av straff eller sanksjon jf. AML § 2 A-2.
- Det vert vist til HMS-handboka og rutinar for HMS-arbeid i Herøy kommune i Compilo.



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2018/325
		Arkiv:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
54/18	Formannskapet	13.03.2018

ETABLERING AV POLITISKE ARBEIDSGRUPPER

Tilråding:

Herøy formannskap opprettar tverrpolitiske arbeidsgrupper for prosjekta Fosnavåg hamn, Herøy vg.skule og bruene over Vaulane. Til arbeidsgruppene vert valde:

Fosnavåg hamn:

...

Herøy vidaregåande skule:

...

Bruene over vaulane:

...

Særutskrift:

- Dei valde

Samandrag av saka:

Rådmannen viser til at det er fleire viktige samfunnsprosjekt som krev eit godt samspel mellom det politiske miljøet og administrasjonen. I saka rår rådmannen til at ein etablerar faste politiske arbeidsgrupper for Fosnavåg hamn, Herøy vg.skule og bruene over Vaulane.

Saksopplysningar:

Herøy kommune har i dag fleire viktige samfunnsprosjekt som krev eit godt samspel mellom det politiske miljøet og administrasjonen.

3 saker som vil ha stor betydning for Herøy samfunnet er m.a Fosnavåg hamn, Herøy vidaregåande skule og bruene over Vaulane.

I desse sakene vil det vere viktig med sterk tverrpolitisk styring som sikrar at prosjekta vert realisert og kjem i hamn i tråd med Herøy kommunestyre sine intensjonar og føringar. Etablering av tverrpolitiske arbeidsgrupper kan vere ei mogleg løysing for å sikre framdrift i sakene.

Slik rådmannen ser det må arbeidsgruppene halde seg orienterte, delta i drøftingar, sikre medverknad og vere med på lokale og regionale møter der arbeidsgruppa sitt prosjekt er på dagsorden. Administrasjonen vil fungere som sekretær og gjennomføre det praktiske arbeidet kring arbeidsgruppene. Arbeidsgruppene rapporterer til komitear, formannskap og kommunestyre på vanleg måte.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen viser til arbeidet med Fosnavåg hamn, andre halvdel 2017, der det vart etablert ei mellombels «arbeidsgruppe» som arbeidde målretta mot nasjonale myndigheter og deltok aktivt i møter for å sikre framdrift for Fosnavåg hamn. Erfaringar frå dette arbeidet er at når ein arbeider tverrpolitisk mot eit klart overordna mål (eks. få finansiering til prosjektet Fosnavåg hamn) brukar alle medlemmar sine kanalar mot dei som sit i sentrale posisjonar. Ved å ha ein open intern tverrpolitisk dialog, bidreg ein til politisk tyngde (styrke) i saka. Samarbeidet som vart gjennomført sist haust hadde ein klar positiv effekt som ein bør ta lærdom av og vidareføre.

Rådmannen rår til at ein vidarefører og etablerar faste politiske arbeidsgrupper for :

- Fosnavåg hamn
- Herøy vg.skule
- Bruene over Vaulane.

Overordna mandat er å sikre at prosjekta vert realiserte og at Herøy kommunestyre sine intensjonar og føringar vert ivaretatt.

Rådmannen peikar ut sekretariat for arbeidsgruppene.

Fosnavåg, 05.03.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2018/14
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
55/18	Formannskapet	13.03.2018

SØKNAD OM OPPSTART - REGULERINGSENDRING ETTER PBL § 12-14 FOR B5 VÅGSHOLMEN

Tilråding:

Herøy formannskap gir løyve til oppstart av reguleringsendring i reguleringsplan for Vågsholmen, planID 201002, og Vågsholmen, planID 201262, etter plan- og bygningslova § 12-14.

Særutskrift:
B. Tarberg AS

Vedlegg:

- 1 201735_Føresegner nye 15022018 PDF
- 2 201735_Illustrasjonsplan 0822018 PDF
- 3 201735_Plankart 0822018 PDF
- 4 201735_Søknad om mindre endring PDF

Samandrag av saka:

B.Tarberg AS søker på vegne av forslagstillar om ei reguleringsendring etter plan- og bygningslova § 12-14(tidlegare mindre endring). Reguleringsendringa er avgrensa til område B5 i dei godkjende reguleringsplanane for området. Endringa vil føre til at området som i dag er avsett til eit reint bustadområde kan få ein kombinert bruk med bustadar og kontor.

Rådmannen meiner endringa i hovudsak stettar intensjonen i kommuneplanen sin samfunnsdel ved å legge til rette for både bustadar og kontor i sentrum.

Rådmannen rår derfor til at det vert gjeve løyve til oppstart av reguleringsendringa og dokumenta vert sendt på høyring til naboar, gjenbuarar og regionale instansar for uttale.

Saksopplysningar:

Den omsøkte endringa er i samsvar med formål som allereie eksisterer innanfor dagens reguleringsplan.

Endringa vil omfatte ei tekstendring av reguleringsføresegnene til gjeldande plan og ei endring av formål frå bustadformål til nytt kombinert formål bustad/kontor. Planområdet omfattar eigedomane gnr/bnr 33/65, 33/94, 33/64. Planområdet er om lag 1 daa stort.

Planlagt bebyggelse, utbyggingsvolum og byggjehøgder


Området fikk ferdigstilt ny infrastruktur i 2017 som legg til rette for utvikling av ein heilt ny bydel i Fosnavåg. Forslagstillar ynskjer, i lys av utviklinga, å realisere eit bygg i 4.etg med garasje/parkering i 1. etg, kontor i 2. og 3. etg og bustad i 4.etg. Det nye bygget vil ta utgangspunkt i eksisterande bygg på tomte som no blir vidareutvikla til eit nytt konsept. Krav til nærleikeplass i gjeldande plan vert vidareført og kombinert med promenade.

Hovudtrekka med endringa i reguleringsplanen vil vere avgrensa til:

- Endring av arealformål i plankartet BKB1 og utviding av dette mot sjø
- Eksisterande garasje på eigedomen vert regulert som bygg føreset fjerna
- Nye i føresegner for området BKB1
- Ny lokalisering av avkøyrsløse til tomte



Utsnitt frå detaljreguleringsplan Vågsholmen, planID 201002. Plassering av planområdet er vist med raud sirkel.



Utsnitt frå detaljreguleringsplan Vågshalmen, planID 201262. Plassering av planområdet er vist med raud sirkel.

Utkast til reguleringsendring:

Området fikk ferdigstilt ny infrastruktur i 2017 som legg til rette for utvikling av ein heilt ny bydel i Fosnavåg. Forslagstillar ynskjer, i lys av utviklinga, å realisere eit bygg i 4.etg med garasje/parkering i 1. etg, kontor i 2. og 3. etg og bustad i 4.etg. Det nye bygget vil ta utgangspunkt i eksisterande bygg på tomta som no blir vidareutvikla til eit nytt konsept. Krav til nærleikeplass i gjeldande plan vert vidareført og kombinert med promenade.

Føresegner:

Innanfor området kan det byggast bustader og kontor og ein kombinasjon av dette i same bygg i inntil 4 etasjar. Etasje på bakkenivå skal nyttast til parkering/lager.

% BYA skal ikkje overstige 40 % av tomtstorleiken.

Maksimal gesims/mønehøgde skal ikkje overstige kote + 16.7 NN2000.


Mot sjøfronten skal det opparbeidast promenade som skal vere open for allmenn ferdsel. Det kan etablerast landfeste for flytebrygge på promenaden. Det vert tillate

med pullertar og kaiskinne. Promenaden skal kunne fungere som liggeplass for båtar og ha eit estetisk uttrykk mot sjø med anten natursteinsmur eller kaiskjørt.

Minimum 10 % av tomta skal settast av til uteområde for bueiningane.

Parkeringsdekninga skal vere i samsvar med gjeldande vedtekter for Herøy kommune. Parkering for området BKB1 kan byggast som nedgravd parkeringskjellar i kombinasjon med overflateparkering utvendig rundt bygget

Uteområde og promenaden skal vere ferdig opparbeidd før det kan gjevast bruksløyve for nye bueiningar innanfor området.



Forslag til nytt plankart.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar av mindre reguleringsendring

Overordna planar og retningslinjer:

Rådmannen meiner at eit arealbruk i form av bustad/kontor og at denne endringa soleis vil vere i samsvar med hovudtrekka i gjeldande plan. Ein avvik ikkje vesentleg frå opphavelig plan og dette vil kunne vere med å realisere planforslaget raskare enn dersom området vart liggande som eit reint bustadområde slik det ligg i dagen plan.

Verknadar på landskap og omgjevnadar:

Infrastrukturen i området har blitt oppgradert i 2017 og oppdimensjonert for å tåle ekstra belastning som følgje av auka aktivitet på Vågsholmen. Rådmannen meiner infrastrukturen vil tåle denne endringa som vil medføre ei lita auke i trafikk rundt 08.00 og 16:00.

Funksjonell om miljømessig kvalitet:

Nytt bygg skal ta omsyn til siktlinjene frå Fosnavåg mot Remøybrua. Dette prosjektet må også samankoplast med prosjektet som ligg på nabotomta 33/51. Promenaden må leggest på same nivå som prosjektet på 33/51. Rådmannen vil krevje ein viss arkitektonisk standard på utbygginga på Vågsholmen. Det visuelle uttrykket for utbygginga på Vågsholmen er svært viktig då dette vil vere ein del av opplevinga for besøkande i Fosnavåg. Dette vert teke opp igjen i byggesaka.

Risiko og sårbarheit:

Når det gjeld havnivåstigning og bølgepåverka vil promenade og uteområde vil bli sett i samanheng med nabotomta i nord. Der er promenaden godkjent på kote + 1.7 NN2000. Konstruksjonar under kote + 2.7 må oppførast i materiale som toler stormflo og bølgepåverknader. Rådmannen vil vurdere om ein skal stille krav om halvvegs nedseinka garasje slik som er gjort for nabotomta.

Konsekvensar for folkehelse:

Tiltaket vil ha positive konsekvensar då området vert utbygt med promenade i framkant som sikrar ålmenta nærleik til hamna og moglegheit til å gå langs Fosnavåg hamn.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen kjende konsekvensar.

Konsekvensar for drift:

Ingen kjende konsekvensar.

Vurderingar etter Naturmangfaldslova § 7-12:

§7 prinsipp for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12

Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

§8 Kunnskapsgrunnlaget

Ved gjennomgang av database for naturmangfald (<http://artskart.artsdatabanken.no/> og <http://kart.naturbase.no/>) ser ein at utbygging, slik det er planlagt, ikkje er i direkte konflikt med verken naturtypar, dyre- og fugleartar. Rådmannen ser derfor ikkje behov for å gjere ytterlegare undersøkingar knytt til naturmangfald. Kunnskapsgrunnlaget vurderast derfor som tilstrekkeleg for denne saka.

§9, Føre-var-prinsippet

Sidan kunnskapsgrunnlaget vurderast som godt vil også behovet for bruk av føre-var-prinsippet reduserast.

§ 11, kostnadane ved miljøforringelse skal bærast av tiltakshavar

Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

Med bakgrunn i vurderingane som er gjort i §§ 8 og 9 kjem ikkje §§ 10 og 12 som gjeld *Økosystemtilnærming og samlet belastning* og *miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar* til bruk i denne saka.

Rådmannen rår til at det vert gjeve løyve til oppstart av reguleringsendringa og dokumenta vert sendt på høyring til naboar, gjenbuarar og regionale instansar for uttale.

Fosnavåg, 09.03.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

BKB1

Innanfor området kan det byggast bustader og kontor og ein kombinasjon av dette i same bygg i inntil 4 etasjar. Etasje på bakkenivå skal nyttast til parkering/lager.

% BYA skal ikkje overstige 40 % av tomtestorleiken.

Maksimal gesims/mønehøgde skal ikkje overstige kote + 16.7 NN2000.

Mot sjøfronten skal det opparbeidast promenade som skal vere open for allmenn ferdsel.

Det kan etablerast landfeste for flytebrygge på promenaden. Det vert tillate med pullertar og kaiskinne. Promenaden skal kunne fungere som liggeplass for båtar og ha eit estetisk uttrykk mot sjø med anten natursteinsmur eller kaiskjørt. Promenaden skal ha



Minimum 10 % av tomta skal settast av til uteområde for bueiningane.

Parkeringsdekninga skal vere i samsvar med gjeldande vedtekter for Herøy kommune.


Parkering for området BKB1 kan byggast som nedgravd parkeringskjellar i kombinasjon med overflateparkering utvendig rundt bygget

Uteområde og promenaden skal vere ferdig opparbeidd før det kan gjevast bruksløyve for nye bueiningar innanfor området.

15.02.2018



Mindre endring Vågsholmen PBL § 12-14			
Dato	Konstr./regnet	Godkjent	Målestokk
08.02.2018			
Illustrasjonsplan M 1:500 A3			Erstatning av:
			Erstattet av:
			902
Henvisning:		Beregning:	B. TARBERG AS




6916950

6916900

325750


325800

325850



BKB1
 Bolig/kontor
 %BYA= 40%

Mindre endring Vågsholmen

-  Bolig/kontor
- — —** Plangrense
- — — — — Formålsgrense
- - - - - Byggegrense
- - - - - Bebyggelse som forutsettes fjernet

Mindre endring Vågsholmen
 PBL § 12-14

Dato	Konstr./tegnst.	Godkjent	Målestokk
12.12.2017			

Plankart M 1:500 A3	Erstatning for:	Erstattet av:
		901

Hensvisning	Beregning:	B. TARBERG AS
-------------	------------	---------------


15.02.2018

Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg
postmottak@heroy.kommune.no

Vår referanse: 2017-35

SØKNAD OM MINDRE ENDRING AV REGULERINGSPLAN

«Reguleringsplan for Vågsholmen - mindre endring av føresegner og plankart knytt til bustad/kontor BK - plan- og bygningsloven (PBL) § 12-4»



MINDRE ENDRING AV DETALJREGULERINGSPLAN PBL § 12-4

Planarbeid, planprosess og vurdering i høve konsekvensutgreiing (KU)

I samsvar med § 12-14 i plan- og bygningslova (PBL) vert det med dette søkt om en mindre endring av reguleringsplan for Vågsholmen PlanID 201002 og Vågsholmen PlanID 201262. Denne søknaden er retta til kommunen, men vil også kunne vere grunnlag for varsling til aktuelle grunneigarar, naboar, offentleg mynde, lag og organisasjonar som kan ha interesse i planarbeidet.

Den omsøkte endringa er i samsvar med formål som allereie eksisterer i dagens reguleringsplan. Endringa vil ikkje ha vesentlege verknader for miljø og samfunn og, det er slik vi vurderer det soleis ikkje krav om konsekvensutgreiing.

Planområdet, avgrensing og verknader utover planen

Endringa vil omfatte ei tekstendring av reguleringsføresegnene til gjeldande plan og ei endring av formål frå bustadformål til nytt kombinert formål bustad/kontor. Planområdet omfattar eigedomane gnr/bnr 33/65, 33/94, 33/64. Planområdet er om lag 1 daa stort. Det er foreslått at det nye området blir B8. Endringa vil ikkje få særskilte verknader utover planen etter det vi er kjende med. Det er ingen vesentlege interesser som vert berørt av planinitiativet slik som vi ser det.




Flyfoto av eigedomar som inngår i planområdet

Formål med endringa

På vegne av forslagstillar (selskap under stifting), ynskjer ein gjennom ei mindre reguleringsendring å gjere ei endring i reguleringsplanen avgrensa til området B5, slik at det vert mogleg med oppføring av eit kombinasjonsbygg med kontor og leilegheiter på tomte. Dagens reguleringsplan opnar berre opp for bustadformål ved denne delen av Vågsholmen.

Forslagstillar har vore i kontakt med Utviklingsavdelinga i Herøy kommune v/sakshandsamar Ole Magne Rotevatn, der det tidlegare har vore drøfta å søkje om ei mindre endring av gjeldande reguleringsplan etter PBL § 12-14.

Det har vore holdt oppstartsmøte med kommunen av 09.01.2018 sjølv om det ikkje er krav til dette etter PBL 12-14 for mindre endringar. I dette møte blei det drøfta om det var aktuelt med felles behandling av plan og byggesak etter PBL § 12-14 ? Forslagstillar ynskjer å få avklart den mindre endringa av reguleringsplanen først, for deretter å sende inn byggesak for prosjektet. Felles behandling er difor ikkje aktuelt.




Kartutsnitt av gjeldande plansituasjon for området


B. TARBERG AS – SANDVIKVEGEN 174 – 6070 TJØRVÅG
TELEFON 91385798 | 46674461 – ORG.NR 944 082 026

post@btarberg.no


www.btarberg.no



3D illustrasjon (dagens situasjon) frå nordvest



3D illustrasjon (dagens situasjon) frå sørvest



3D perspektiv sett ovanfrå


Mindre endring av reguleringsplan (PBL § 12-14)

Planlagt bebyggelse, utbyggingsvolum og byggjehøgder

Området fikk ferdigstillt ny infrastruktur i 2017 som legg til rette for utvikling av ein heilt ny bydel i Fosnavåg. Forslagstillar ynskjer, i lys av utviklinga, å realisere eit bygg i 4.etg med garasje/parkering i 1. etg, kontor i 2. og 3. etg og bustad i 4.etg. Det nye bygget vil ta utgangspunkt i eksisterande bygg på tomta som no blir vidareutvikla til eit nytt konsept. Krav til nærleikeplass i gjeldande plan vert vidareført og kombinert med promenade.

Hovudtrekka med endringa i reguleringsplanen vil vere avgrensa til:

- Endring av arealformål i plankartet BKB1 og utviding av dette mot sjø
- Eksisterande garasje på eigedommen vert regulert som bygg føreset fjerna
- Nye i føresegner for området BKB1
- Ny lokalisering av avkøyrsløse til tomta



Utsnitt av plankart som viser mindre endring av reguleringsplan

Illustrasjonsplan viser:

- Parkeringsdekning i samsvar med krav i kommuneplanens arealdel
- Lokalisering av parkeringsplassar
- Nærleikområde og uteoppholdsareal i samsvar med gjeldande plan
- Plassering av promenade
- Tilkomst til tomte



Illustrasjonsplan som viser detaljar rundt bygg, uteareal og parkering.

B. TARBERG AS – SANDVIKVEGEN 174 – 6070 TJØRVÅG
TELEFON 91385798 | 46674461 – ORG.NR 944 082 026
post@btarberg.no
www.btarberg.no

Byggesak som kjem seinare vil innehalde opplysningar som:

- Plan, snitt og fasadeteikningar av nytt bygg
- Perspektiv av nytt bygg
- Situasjonsplan med plan for uteområde
- Avklaring om krav til sprinkling (Brannvern)

Konsekvensar av mindre reguleringsendring (ME)

Forholdet til overordna planar og retningslinjer

Slik vi vurderer det vil ikkje den omsøkte endringa få nemneverdige konsekvensar for området. Vi viser til at det på motsatt side av «Vågsholmvegen» er tillate kombinert arealbruk i form av bustad/kontor og at denne endringa soleis vil vere i samsvar med hovudtrekka i gjeldande plan.

Tiltakets verknad på landskap og omgjevnader

Fleire kontor på Vågaholmen vil generere meir trafikk inn/ut av området, men dette vil bli tatt omsyn til av den nye infrastrukturen som blei ferdigstilt i 2017 med oppdimensjonert vegbreidde, fortau og nytt leidningsanlegg og LED-gatebelysning. I tillegg er det konkrete planar i inneverande budsjettperiode frå kommunen å oppgradere resterande deler av infrastrukturen (inklusiv brua) fra Urholmen til Nørvågen.

På lengre sikt vil også ei kryssing av «Vågen» gi moglegheiter for alternativ transport til Vågsholmen og såleis minske belastninga på vegsystemet med biltrafikk.

Funksjonell og miljømessig kvalitet

Nytt bygg vil også ta omsyn siktliner ved at nytt bygg ikkje vil bryte med dei definerte siktaksane som tidlegare har vore definert som særskilt viktige element ved nye bygg på Vågsholmen.

Det vil vidare bli jobba med å oppnå gode estetiske løysingar for det arkitektoniske uttrykket til både nytt bygg og uteområdet, slik at ein på best mogleg måte kan oppnå eit heilskapleg områdeoppfatning. Sentralt her vil vere samanheng i promenaden mot naboeigedomen og det visuelle uttrykket for nytt bygg og promenade mot sjøfronten og sentrum.

Kommunen har i oppstartsmøte sagt at det ved prosjektering av nytt bygg og uteområde må leggest vekt på det estetiske uttrykket mot sjøfronten. Det er ønskeleg frå kommunen at promenaden/uteområdet i sør blir heva litt opp for å unngå at fasaden på parkeringskjellaren blir for dominerande. Det vil i forkant av byggesak bli jobba for å oppnå gode løysingar rundt desse momenta i vidare prosjektering.

Samfunnstryggleik og risiko og sårbarheit (ROS)

Når det gjeld havnivåstigning og bølgepåverknar vil promenade uteområde vil bli sett i samanheng med nabotomta i nord. Der er promenaden godkjent på kote + 1.7 NN2000. Konstruksjonar under kote + 2.7 må oppførast i materiale som toler stormflo og bølgepåverknader. Det vert ikkje lagt til rette for rom for varig opphald under kote + 2.7, eller i 1.etg, difor vil både nye bustader og kontor ligge på eit kotenivå for ferdig gulv som er tilstrekkeleg over estimert havnivåstigning for området, korrigert for lokale bølgepåverknader.

Samla sett meiner vi endringa slik den no er søkt om, kan handsamast som ei mindre endring etter PBL paragraf 12-14.

Medverknad, vidare planprosess og innspel til planarbeidet


Grunneigarar, offentleg mynde, lag og organisasjonar og dei som blir direkte råka av planarbeidet vil bli varsla om endring av reguleringsplanen i eige skriv. Dette vil inneberer at dei som har innspel eller synspunkt til planarbeidet får høve til å kome med skriftleg innspel innan ein fastsett tidsfrist.

Planendringa er slik vi forstår det mindre endring i samsvar med hovudtrekka i gjeldande reguleringsplan. Slik vi har forstått det kan saka behandlast i formannskapet som ei mindre reguleringsendring etter PBL § 12-14.

Planprosessen skal følgje reglane i plan- og bygningslova for mindre endring av reguleringsplan § 12-14. Planarbeidet vil skje i regi av Aleksander Zahl Tarberg i B. Tarberg AS.

Det er føreset at kommunen sender ut varsling til berørte grunneigarar og festarar innanfor planområdet, samt offentlege mynde og fastsett ein høyringsfrist i samsvar med PBL § 12-14 for deretter vidare behandling i Formannskapet.

Med vennleg helsing



Aleksander Zahl Tarberg
Planleggar

B. Tarberg AS
Sandvikvegen 174
6070 Tjørvåg
E-post aleksander@btarberg.no
Tlf: +47 46674461

Vedlegg:

1. Plankart med avgrensing av BKB1 M 1:500 A3-format
2. Illustrasjonsplan M 1:500 A3-format
3. Føresegner for området BKB1
4. Referat frå oppstartsmøte med Herøy kommune 09.01.2018
5. SOSI-fil mindre endring av reguleringsplan BKB1



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TR	Arkivsaknr:	2017/1291
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
56/18	Formannskapet	13.03.2018

SØKNAD OM OPPSTART AV PRIVAT DETALJREGULERING FOR LEITE FRITIDSOMRÅDE, GNR 26/10 OG 26/18.

Tilråding:

Herøy formannskap gir løyve til oppstart av privat detaljregulering for Leite fritidsområde i samsvar med plan- og bygningslova § 12-3 og 12-8, på følgjande vilkår:

- 1) Endring i reguleringsplan for «FV 18 – parsell Leine-Remøyholm» må avklarast med Statens vegvesen i samband med varsel om oppstart.
- 2) Inngrep i sjø og strandsone skal minimerast.
- 3) Utbygging av småbåtanlegg i sjø må skje innanfor eit avgrensa område.

Særutskrift:
B.Tarberg AS

Vedlegg:

- 1 201721 - Søknad om oppstart av felles privat planarbeid for Leite fritidsområde - Bestilling av oppstartsmøte_PDF
- 2 Referat frå oppstartsmøte for Leite fritidsområde gnr 26 bnr 10 og 18.
- 3 Detaljreguleringsplan Leite fritidsområde - tilbakemelding etter oppstartsmøte

Samandrag av saka:

B. Tarberg AS søker på vegne av grunneigarar på gnr. 26/10 og 26/18 på Leinane om løyve til oppstart av privat reguleringsplanarbeid. Området ligg mellom fylkesvegen og sjøen og er omsøkt regulert til fritidsbustader/rorbuer, naust, molo og småbåthamn i sjø. Landområdet utgjer om lag halvparten av eit område som er sett av til fritidsbustader i kommuneplanen.

Utbyggingsareal på land er ikkje særleg stort på grunn av regulert fylkesveg og låg høgd på terrenget nærast sjøen. Søklar ynskjer difor å gjere to hovudgrep for å auke tilgjengeleg utbyggingsareal:

- 1) Bygge opp terrenget mot sjøen til 3 meter høgde, med sjøfront/fylling og molo.
- 2) Endre delar av reguleringsplan for fylkesveg 18 ved å senke veghøgda til om lag 5,0-5,5 m.o.h. Då vil vegskjeringane bli mindre mot sjøsida og ein vil kunne trekke regulert tilkomstveg lenger opp mot fylkesvegen og auke mogleg utbyggingsareal mellom fylkesvegen og sjøen.

Forslagsstillar ynskjer også å legge til rette for molo, sjøfront og småbåthamn i sjø. Sjøområdet er ikkje avsett til utbyggingsføremaal i kommuneplanen, men til natur, friluftsliv, ferdsel og fiske (NFFF).

Rådmannen vil tilrå at det vert gitt løyve til å starta opp arbeid med regulering, men finn det rimeleg å knyte visse vilkår til vedtaket.



Figur 1: Oversiktskart/ flyfoto som viser lokalisering av tiltaket.


Saksopplysninger:

Arealet som er omsøkt regulert er på totalt 19,4 daa. Dette arealet består av om lag 10 dekar sjøareal og om lag 2,5 daa regulert vegareal. Omsøkt landareal som er sett av til fritidsbustader i kommuneplanen er i underkant av 7 daa.

I søknad om oppstart viser plankonsulent til at reguleringsplanen vil grense til eksisterende reguleringsplan for fylkesveg 18, men at dei også vil søkje om å endre deler av reguleringsplanen for fylkesveg 18 (PlanID 201003). Dei har difor innlemma tilkomstvegen som er regulert i tilliggende reguleringsplan i sitt planområde. Reguleringsplan for FV 18 var godkjent i 2010.

Det kjem fram av søknaden at det er ynskjeleg å legge til grunn at ny, regulert fylkesveg skal ligge om lag på kote 5,0-5,5 m.o.h. Slik reguleringsplan for fylkesvegen er regulert i dag ser fylkesvegen ut til å ligge om lag på same kotehøgde som den ligg i dag, 8-9 m.o.h., men med større breidde. Breiddeutvidinga resulterer i større skjeringar enn det som er på fylkesvegen i dag. Desse skjeringane får utfall i begge retningar, både oppover og nedover mot sjøen. Dersom vegen skal senkast til 5,0-5,5 meter vil dette resultere i at skjeringane blir større oppover, men mindre nedover mot sjøen.

Det er ikkje knytt særskilde føresegner til området i kommuneplanen, så det er ikkje uttalt noko om verken utnyttingsgrad eller byggjegrænse mot sjø, men i utgangspunktet gjeld strandsonevernet der det ikkje er sett byggjegrænse i plan.




Figur 2: Omsøkt planområde inkluderer sjøområde og regulert vegareal i tilstøytende plan.



Figur 3: Her ser vi planområdet som ligg sør for regulert fylkesveg. Planområdet ligg vest for den raude streken.

I kommuneplanen er det sett av eit større område til fritidsbustader:




Figur 4: Gult område FB8 ligg mellom regulert fylkesveg og sjøen. Området vest for den raude streken er omsøkt område.



Figur 5: Blå linje viser høgdekote 3 m.o.h.

På figuren over ser ein kvar 3-meters kote ligg i terrenget. Arealet som då ligg naturleg høgt nok til å byggje på, ligg mellom 3-meters kote og fylkesvegen.



Figur 6: Blå strek følgjer 3 meters kotehøgde.

Det er bygd to naust innanfor planområdet og fire mindre tomter er frådelt og eigd av andre enn tiltakshavarane her.

Store delar av det omsøkte landarealet (6,6 daa) ligg lågare enn kote 3. Ved bygging av fritidsbustader bør ein bygge på minst kote 2,59 ifølgje TEK 17.



Figur 7: Regulert fylkesveg skrenkar inn naturleg utbyggingsområde ytterlegare. Her ser vi 3-meters kote og regulert vegareal i reguleringsplan for FV 18 Leine-Remøyholm. Kartet dekkjer austlege del av omsøkt område.



Figur 8: Regulert fylkesveg skrenkar inn naturleg utbyggingsområde ytterlegare. Her ser vi 3-meters kote og regulert vegareal i reguleringsplan for FV 18 Leine-Remøyholm. Kartet dekkjer vestlege del av omsøkt område.

Vurdering

Det er tre spørsmål ein må ta stilling til i samband med innsendt søknad om løyve:

- 1) Kan ein legge til grunn ei høgdejustering av regulert fylkesveg for å få meir plass til fritidsbustader oppover mot fylkesvegen?
- 2) Bør ein tillate heving av terrenget ned til strandkanten for å legge til rette for utbygging heilt til strandkanten/ut i sjø?
- 3) Bør ein tillate utbygging i sjø innanfor omsøkt område?

1) Ei høgdejustering av regulert fylkesveg må eventuelt gjerast i samråd med Statens vegvesen. Ein ser for seg at ei senking av vegen vil få verknad for eit større område enn berre tilkomstvegen som er innlemma i ny plan. Ved eventuell seinking av veghøgda må ein også ta høgde for høgdene på vegen utanfor planområdet. Rammene for ein slik føresetnad må tiltakshavar avklare med Statens vegvesen allereie ved varsel om oppstart.

2) Søkjar føreset i søknaden at området skal hevast til 3 m.o.h. for å auke utbyggingsarealet. Mykje av fjøra ligg på kote 1-2 m.o.h. og det er foreslått å fylle ut området, heve det til 3 m.o.h. og lage sjøfront og molo. På oppstartsmøte var kommunen tydeleg på at vi ansåg inngrepa i strandsona til å vere vesentleg for naturkvalitetane. Tiltakshavarar og konsulent vart difor bedne om å vurdere å justere søknaden. Det er gitt tilbakemelding om at tiltakshavar ynskjer å gå vidare med søknaden som omsøkt. Generelt bør fritidsbustader i størst mogleg grad tilpassast det naturlege terrenget og ein bør legge til rette for bruk av dei naturleg tilgjengelege fjørefasilitetane til leik og rekreasjon.

3) Det er søkt om å regulere eit område i sjø på om lag 10 daa. I kommuneplanen er sjøarealet ikkje sett av til utbyggingsføremål, men til NFFF; Natur, ferdsel, fiske og friluftsliv. Det ligg ingen direkte føringar i kommuneplanen for kor vidt ein kan rekne det som sjølv sagt å få nytte sjøområde til «tilhøyrande aktivitet» når ein regulerer for fritidsbustad på land i nærleiken av sjø. Dette må vurderast i kvar einskild sak. Dersom det skal leggest til rette for småbåthamn i sjø, bør dette arealet avgrensast og ein bør vurdere å sjå det i samheng med det totale område for fritidsbustader (heile FB 8).

Kommunen har fått ein del generelle tilbakemeldingar på lite estetiske utbyggingar i kommunen, særleg i strandsona, der dette vert svært synleg. Denne balansen mellom utbygging, estetikk og samspel med naturkvalitetar er viktig for kommunen å ivareta. Rådmannen viser også til formålsbestemmelse i Plan- og bygningsloven som seier at «loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar».

I kommuneplanen er området på Leite sett av til fritidsbustader. Vi ser at utnyttingsgrad og økonomi generelt spelar ei rolle for korleis ein planlegg. Vi er visse på at dei nære naturkvalitetane i Herøy spelar ei stor rolle for trivsel. Vi ynskjer difor at planlegginga i Herøy kommune skal bere preg av godt samspel mellom utbygging av bustader og fritidsbustader og gode, nære naturkvalitetar, både for folk, flora og fauna. Ein rår difor til at gode naturkvalitetar i området vert ivaretatt og implementert i området for fritidsbustader.

Rådmannen rår såleis til at det vert gjeve løyve til oppstart på visse vilkår.

Fosnavåg, 08.03.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Tanja Rafteseth

Sandvika 02.10.2017


Herøy kommune
v/ Sektor for Samfunnsutvikling
Postboks 274
6099 Fosnavåg
postmottak@heroy.kommune.no

Vår referanse: 2017-21

SØKNAD OM OPPSTART AV PRIVAT PLANARBEID – BESTILLING AV OPPSTARTSMØTE MED HERØY KOMMUNE – GNR. 26 BNR. 10 og 18

«Detaljreguleringsplan for Leite fritidsområde gnr. 26 bnr. 10 og 18»

På vegne av grunneigarar av gnr. 26 bnr. 10 Nina, Jørn og Katrine Sundes og bnr. 18 Paul Sundnes m.fl, søker vi her om løyve til oppstart av privat planarbeid for fritidsområde Leite på Leinane. Området er lokalisert på ytre del av Leinane i Herøy kommune.



Forslag til avgrensning av området som skal regulerast

Det er ikkje gjennomført oppstartsmøte med Utviklingsavdelinga for bnr. 18, men det er gjennomført oppstartsmøte for bnr 10. Med bakgrunn i brev av 22.08.2017 frå Herøy kommune med krav om felles planlegging, ynskjer vi her å bestille eit felles oppstartsmøte med kommunen, der representantar for begge eigedomane og plankonsulent vil delta. Dei to omsøkt reguleringsplanane for «Leitefjora fritidsområde» gnr. 26 bnr. 10 og «Leitemyra fritidsområde» gnr. 26 bnr. 18 vil her bli slått saman til ein felles reguleringsplan for «Leite fritidsområde».

Formålet med planarbeidet er utarbeiding av detaljreguleringsplan for eit nærare avgrensa område av gnr. 26 bnr. 10 og 18, der forslagsstillar ynskjer å utvikle området til fritidsområde i samsvar med overordna kommuneplan. Denne reguleringsplanen vil grense til eksisterande reguleringsplan for fylkesveg 18, men vil også søkje å endre deler av reguleringsplanen for fylkesveg 18 (PlanID 201003).



Planområde sett i 3D perspektiv frå sør vest


Tiltakshavar ynskjer å endre deler av eksisterande reguleringsplan for FV18 Leine – Voldsund, for det arealet som gjeld «Anna veggrunn» som råkar ved bnr. 18. Dette for å ei betre utnytting av byggeområdet til fritidsbustader på eigedomen. Området som er tenkt som fritidsbustader på bnr 18 vil måtte hevast frå dagens kote + 1.0 m.o.h til ca kote + 3.0 m.o.h med tanke på risiko og sårbarheit, bølgepåverknader i området og for å kunne oppnå ei fornuftig arealutnytting for byggeområda.

B. TARBERG AS –SANDVIKVEGEN 174 – 6070 TJØRVÅG

TELF: 46674461 – ORG.NR 944 082 026

post@tarberg.no

www.btarberg.no



Planområde sett i 3D perspektiv frå sør aust

Ny regulert trase for fylkesvegen 18 gjennom området vil etter vår vurdering ha ei fornuftig linjeføring med ei veghøgde (asfaltnivå) ein stad i intervallet mellom kote + 5.0 og + 5.5 m.o.h. Dette vil resultere i at eventuell skråningsutslag frå vegen blir redusert og at det soleis ikkje vil vere behov for vegplanen å leggje beslag på så store deler av bnr. 18. Planforslaget vil basere sin tilkomst frå eksisterande regulert avkøyrsløse frå fylkesvegen, men vi meiner det er behov for å endre den interne fordelinga av vegsystemet innanfor plangrensa. Difor vil også reguleringsplanen her endre denne delen av eksisterande eksisterandeplan for fylkesvegen.

Planinitiativet vil vere i samsvar med kommunens overordna planar og ønske om satsing på det maritime og fritidsbruk lokalt i Herøy kommune. Forslag til planavgrensing er vist på vedlagt kartskisse og omfattar eit areal på omlag 19,4 daa.

Gjeldande arealstatus i kommuneplanens arealdel av 2015 er område for fritidsbustader FB8. Her viser kommuneplanen tydeleg at området er tenkt som eit framtidig område med plankrav.

B. TARBERG AS –SANDVIKVEGEN 174 – 6070 TJØRVÅG

TELF: 46674461 – ORG.NR 944 082 026

post@tarberg.no

www.btarberg.no



Utsnitt av gjeldande arealstatus for området

Hovudprinsipp for utnytting av området

Forslagsstillar ynskjer med dette planforslaget å legge til rette for:

- Veg
- Parkering
- Rorbuer, fritidsbustader
- Molo
- Sjøfront/fylling/molo
- Naust
- Friområde
- Småbåthamn i sjø

I samband med planprosessen vil ein også vurdere om det aktuelt med relevante tilhøyrande formål og omsynssoner. Området ligg nær fylkesvegen og det vil bli gjennomført ei støyfagleg utgreiing, som grunnlag for den nye reguleringsplanen som skal utarbeidast.

B. TARBERG AS –SANDVIKVEGEN 174 – 6070 TJØRVÅG

TELF: 46674461 – ORG.NR 944 082 026

post@tarberg.no

www.btarberg.no

Skissert utnytting av området:

Forslagsstillar ynskjer å legge til rette for fritidsbustader gjennom regulering av området FB8 i kommuneplanens arealdel, der ein ser føre seg rorbuer eller fritidsbustader i eit heilskapleg system, saman med båtplassar og molo/bølgjevern i sjø. Det er eit ynskje om å gi området ein kvalitativ god standard på det som skal opparbeidast av bygningar og utomhusareal.


I grove trekk ser ein føre seg bygningar med eit moderne arkitektonisk uttrykk mot sjø, med plass for utomhusareal rundt bygga, samt bryggjeanlegg/kai og småbåtanlegg rundt nye fritidsbustader. Nærare detaljer rundt byggeområde vil gå fram av plandokumentet.

Planinitiativet vil vere i samsvar med kommunens overordna planar og ønske om satsing på det maritime og fritidsbruk/turisme, og forslagsstillar forventar difor at kommunen vil vere positive til den utviklinga som det her blir lagt opp til med reguleringsplan.

Dei to områda som no er under regulering er eigd av ulike grunneigarar som har ulike føresetnader for planarbeidet. Det er gjennomført møte med representantar for dei to eigedomane som har samtykka til at det blir søkt om å utarbeide felles eit felles planforslag for Leite fritidsområde.

Vi håper kommunen kan finne tid til oppstartsmøte og tilrå vidare handsaming i formannskapet.

Med vennleg helsing



Aleksander Zahl Tarberg

Daglig leder / planlegger

B.TARBERG AS

Mobil: 46674461

E-post: aleksander@btarberg.no

Vedlegg:

1. Kart med planavgrensing M 1:500
2. SOSI-fil plangrense
2. Referatskjema for oppstartsmøte (delvis utfylt)

Kopi: Paul Sundnes, Jørn Sundnes

B. TARBERG AS –SANDVIKVEGEN 174 – 6070 TJØRVÅG

TELF: 46674461 – ORG.NR 944 082 026

post@tarberg.no

www.btarberg.no

REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE – PRIVAT REGULERINGSPLAN

Etter ny plan- og bygningslov (plandelen av 27. juni 2008 nr. 71) er det obligatorisk med oppstartsmøte ved utarbeiding av privatreguleringsplan (jf. § 12-8).

Målet med oppstartsmøtet er å avklare offentlege føresetnader for at planforslaget skal kunne realiserast, og skal danne grunnlag for ein god planprosess. Kommunen vil kunne gi svar på ein del spørsmål i samband med oppstartsmøtet, under føresetnad av at kommunen på førehand har fått eit oversiktskart som viser aktuelt område og informasjon om målet med reguleringsplanen (intensjonar, formål og omfang).

Dette skjemaet skal difor fyllast ut så langt det let seg gjere og leverast til kommunen minst ei veke før oppstartsmøtet. Referatet skal godkjennast av partane med underskrift etter møtet.

Sak: REGULERINGSPLAN LEITE FRITIDSOmrÅDE GNR 26/10 og 18	
Møtestad:	Møtedato:
Deltakarar:	
Frå forslagsstillar	Frå kommunen
Aleksander Zahl Tarberg kons.	Ole Magne Rotevath
Paul Sundnes 26/18	Sanja Rafteseth
Jørn Sundnes 26/10	
Idar Warholm 26/10	
	Andre:

1. Planføresetnader

Plantype

- Områderegulering
- Detaljregulering
- Endring av reguleringsplan

Området er omfatta av følgjande planar (informasjon finn ein her www.sunnmorskart.no)

Kommuneplanen sin arealdel FB8 - fritidsområde.....

Kommunedelplan.....

Reguleringsplan.....

Bebyggelsesplan..... *FV 18 Leine - Remøyholmen*

Andre planar/vedtak (fylkesdelplan).....

Planen vil erstatte følgjande planar i si heilheit:

Planen vil erstatte delar av følgjande planar:

FV 18, Leine - Remøyholmen.....

Avgrensing av planområdet (www.sunnmorskart.no)

Tiltakshavar kjem med framlegg til avgrensing av planområdet. Kommunen kjem med innspel til framlegget. Ev. forslag til justert avgrensing, blir tilsendt etter oppstartsmøtet.

Skal vurd. evt sendast inn ny.

Mål for planarbeidet:

Forslagsstillar skildrar mål med planarbeidet og kjem med framlegg til formål

Regulering av fritidsområde i samsvar med overordna formål i kommuneplanens arealdel

Namn på planen:

Forslagsstillar sitt forslag til namn: "Detailreguleringsplan for Leite fritidsområde gnr. 26 bnr. 10 og 18 m.fl"

Kommunen kjem med tilbakemelding med omsyn til namn på planen.

Planforslaget er i samsvar med overordna plan.

Planforslaget er ikkje samsvar med overordna plan.

OK
I tillegg spørse NFFF

Merknad:

Pågåande planarbeid

Det pågår ikkje anna planarbeid i området

Det pågår følgjande planarbeid i området:

Merknad:

Planprogram

Utløyser planen krav om planprogram (jf. § 4-1 i planlova) ?

Merknad: Nei

Konsekvensutgreiing

Utløyser planen krav om konsekvensutgreiing (jf. § 4-2 i planlova) ?

For reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planomtalen gi ei særskilt vurdering og skildre planens verknader for miljø og samfunn (jf. FOR 2009-06-26 nr. 855: Forskrift om konsekvensutgreiingar, med vedlegg)

Merknad: Nei

Felles handsaming av reguleringsplanframlegg og byggjesak

Er det aktuelt med felles handsaming av plan- og byggjesak (jf. § 12-15 i planlova)

Merknad: Nei

2. Lokale forskrifter og retningslinjer som gjeld for planområdet:

Kommunale vedtekter/forskrift

- parkeringsvedtekt
- forskrift om gebyrregulativ

Kommunale retningslinjer

- kommuneplanen sine retningslinjer
- krav til leikeplassar

Bestemmelsar i arealdel av k-plan

Merknad:

Parkering vil bli tatt omsyn til i plankart og føresegner, samt skildra/illustrert i planomtalen.

Ikke krav om leikeplass i omr fritidskultadeer

3. Viktige vurderingar

3.1 Planfaglege vurderingar (utnyttingsgrad, krav til stigning m.m.)	Spesielle forhold – tilleggsopplysningar: Fritidsbustader i rekke og frittliggjande
3.2. Strandsona til sjø og vassdrag	Aktuelt med natursteinsmurar og fylling Ønske om etablering av molo og opptrekk
3.3 Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar	Ikkje aktuelt
3.4 Miljøvern faglege vurderingar	Det vil i planomtalen bli skildra
3.5 Kulturlandskap og kulturminne	Ikkje kjende registreringar i området merka i kart. SEFRAX nemnt i planomt.
3.6 Samfunnssikkerhet og beredskap (ROS)	Havnivå og bøl- gje påverknad vil bli tema i planomtalen og ROS-analyse
3.7 Barn, unge, ungdom, funksjonshemma og eldre sine interesser	Bruk av data frå barnetrakk. Vil bli vurdert. → Universell utforming i område for lek og rekreasjon.
3.8 Kommunikasjon, veg og vegtekniske forhold/ trafiksikkerheit, støy	Ny vegløyning til området vil bli grundig vurdert og omtalt i planomtalen. → Del av FU 18 blir innlemma i plan og emne.
3.9 Kommunaltekniske anlegg	Dette vil bli vurdert i planomtalen og utarbeidd ein VA-plan
3.10 Økonomiske konsekvensar for kommunen	Ikkje så ein kjenner til på noverande tidspunkt
□ Anna:	Det er innhenta ei <u>støyfagleg utgreiing</u> frå Sinus vegtrafikk som konkluderer med at det ikkje er naudsynt med støydempende tiltak. Dette vil bli omtalt i planomtalen. → lagt ved som vedlegg og omtalt i planomtalen

4. Krav til utarbeiding av privat reguleringsplan:

Forslagsstillar skal følgje kommunen sine krav til utarbeiding av reguleringsplan	Merknad:
Sjå Herøy kommune sine krav til utarbeiding av privat reguleringsplan med vedlegg	

5. Kommunalteknisk anlegg

Forslagsstillar er gjort kjent med kommunaltekniske anlegg for veg, vatn og avløp som har betydning for tiltaket.	Merknad: Veg vil bli planlagt etter kommunen sine krav i "Rettleiar for dimensjonering av vegar i Herøy kommune"
---	---

<input type="checkbox"/> Tiltaket forutset utbygging/utbetring av det kommunaltekniske anlegget <input type="checkbox"/> Tiltaket utløyer krav om Utbyggingsavtale, jf. Herøy kommune si norm for Utbyggingsavtale	Priv. anlegg
---	--------------

6. Kommunen sine råd og vurderingar

Er planforslaget i samsvar med overordna plan? *Ja, delvis*

Er utnyttinga i samsvar med areal og terreng? *Planarbeidet må avklare dette*

Vil kommunen kunne tilrå utarbeiding av plan? *Ja*

Skal forslaget leggjast fram for formannskapet? *Ja*

Vidare saksgang: *Tiltakshavar/forslagsstiller vurderer endra plangrense og vurderer terrenginngrep/terrengutnytting. Evt. justert plangrense og evt. justert søknad vert sendt inn i forkant av sale til*

Anna: *formannskap om oppstart.*

7. Stadfesting

Informasjon frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde o.a. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet.

Stad, dato..... *Fosnavåg 2. nov. 2017*

Representantar frå kommunen: *Olav Mørse Pedersen* *Tanja Røfteseth*

Referatet er godkjent og mottatt

For forslagsstiller.....

Jørn Sundnes
Aleksander Z. Tuber (Klubbskild)
Kjetil Sundnes

*(Idar Warholm gjeld frå møtet forsegning)
 (pga. anna møte..)*

Fra: Aleksander[aleksander@btarberg.no]

Sendt: 27.11.2017 07:59:36

Til: Tanja Rafteseth

Kopi: 'Idar Ståle Warholm'; 'Jørn Sundnes'; 'Paul Sundnes'

Tittel: Detaljreguleringsplan Leite fritidsområde - tilbakemelding etter oppstartsmøte

Hei Tanja.

Tiltakshavar ynskjer å gå vidare med planavgrensing og søknad om oppstart av planarbeid slik det har vore sendt inn i forkant av oppstartsmøte. Vi tek med oss signala som kommunen kom med i oppstartsmøte i det vidare planarbeidet.

På vegne av tiltakshavarane ber vi om at søknad om oppstart av planarbeid blir lagt fram for formannskapet snarast råd.

Med vennlig hilsen

Aleksander Zahl Tarberg

B.TARBERG AS

Sandvikvegen 174

6070 Tjørvåg

Mobil: 46674461

Delegerte saker frå avdelingane

DS 3/18 Skjenkebevilling - Vår-dans, søknad om bevilling for åpent arrangement (enkelt, bestemt anledning) 26.02.2018 00:00:00

DS 4/18 Kjøp av bustadtomt gnr. 12 bnr. 310 på Remøy. 08.02.2018 00:00:00

DS 5/18 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for åpent arrangement (enkelt, bestemt anledning). Sildehelg 23.02. - 24.02.2018. 14.02.2018 00:00:00

DS 6/18 Nick Are Skorpen og Henriette Hansen - Kjøp av bustadtomt - Gnr. 26 bnr. 234 i Herøy 18.01.2018 00:00:00

Referatsaker

RS 4/18 Normalpolitivedtekt (rundskriv 02/2018) Normalpolitivedtekt (rundskriv 02/2018) 21.02.2018 00:00:00

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@ssikt.no]
Sendt: 27.02.2018 10:00:45
Til: Lisbeth Moltu Espeseth
Tittel: Normalpolitivedtekt (rundskriv 02/2018)

Fra: Christine Lundstein [<mailto:Christine.Lundstein@politiet.no>]

Sendt: 21. februar 2018 15:03

Til: 'post@aukra.kommune.no'; 'postmottak@aure.kommune.no'; 'post@averoy.kommune.no';
'postmottak@eide.kommune.no'; 'postmottak@frana.kommune.no'; 'post@giske.kommune.no';
'post@gjemnes.kommune.no'; 'post@halsa.kommune.no'; 'postmottak@haram.kommune.no'; Postmottak Hareid;
Postmottak Herøy; 'postmottak@kristiansund.kommune.no'; 'postmottak@midsund.kommune.no';
'postmottak@molde.kommune.no'; 'postmottak@nesset.kommune.no'; 'post@norddal.kommune.no';
'post@rauma.kommune.no'; 'post@rindal.kommune.no'; Sande Kommune; 'post@sandoy.kommune.no';
'postmottak@skodje.kommune.no'; 'postmottak@smola.kommune.no'; 'postmottak@stordal.kommune.no';
'post@stranda.kommune.no'; 'post@sula.kommune.no'; 'post@sunndal.kommune.no'; 'post@surnadal.kommune.no';
'postmottak@sykkylven.kommune.no'; 'postmottak@tingvoll.kommune.no'; Ulstein Postmottak; Postmottak Vanylven;
'postmottak@vestnes.kommune.no'; Postmottak Volda; 'post@orskog.kommune.no'; Ørsta postmottak;
'postmottak@alesund.kommune.no'

Emne: Normalpolitivedtekt (rundskriv 02/2018)

Vedlagt følger Politidirektoratets rundskriv 02/2018 – Normalpolitivedtekt. Rundskrivet vil også publiseres på www.lovdata.no.

Med vennlig hilsen

Christine Lundstein
rådgiver

Politidirektoratet

Juridisk forvaltningsseksjon

Sentralbord: +47 23 36 41 00

E-post: politidirektoratet@politiet.no

www.politi.no



Politimestrene
Kommunene
Sysselmannen på Svalbard
Politi­høgskolen
Fylkesmennene
Kommunenes sentralforbund
Longyearbyen lokalstyre

NATIONAL POLICE DIRECTORATE

Deres referanse:

Vår referanse:
201702857-4 003

Dato
Oslo, 13.02.2018

POLITIDIREKTORATETS RUNDSKRIV 2018/002 AV 13. FEBRUAR 2018 – NY NORMALPOLITIVEDTEKT FOR KOMMUNENE

Politidirektoratet har utarbeidet en ny normalpolitivedtekt for kommunene med kommentarer. Bakgrunnen er at det i løpet av de siste årene har skjedd en del endringer som innebærer at ny bestemmelser er tatt inn, samtidig som andre bestemmelser som tidligere kunne reguleres i politivedtekt er tatt ut fordi de nå reguleres av annen lovgivning. Den nye normalpolitivedtekter avløse tidligere normalpolitivedtekt av 31. mai 1996.

Den enkelte kommunes eksisterende politivedtekter er fortsatt gjeldende inntil de erstattet med nye vedtekter såfremt de ikke strider mot bestemmelsene i politiloven, jf. politiloven § 31 annet ledd. Det er imidlertid lovens forutsetning at kommunale politivedtekter blir gjennomgått og revidert. Denne prosessen omfatter både behandling i kommunale organer og etterfølgende godkjenning.

Endringer

Foruten språklig gjennomgang og oppgraderte lovhenvi­sninger i samtlige kapitler, bygger den nye normalpolitivedtekten på et nytt paragrafsystem med kapittelvis nummerering. Dette er gjort for å opprettholde systematikken i tilfeller der kommuner ønsker å legge til eller fjerne bestemmelser under det enkelte kapittel.

Kapittel VII om dyr og kapittel IX om barn er opphevet og bestemmelsene er omredigert eller opphevet.

Kapittel 1. Alminnelige bestemmelser

Kapittelet er videreført uten vesentlige endringer.

Kapittel 2. Orden på offentlig sted

§ 2-1 inneholder et nytt annet ledd om nattero. Bestemmelsen har i de senere år blitt stadfestet i flere kommunale vedtekter og en standardtekst er derfor tatt inn i normalpolitivedtekten.

Politidirektoratet

§ 2-2 er en ny bestemmelse som gjelder kjøring, camping mv. i parker, grøntarealer og friområder o.l. Bestemmelsen åpner for at kommuner i politivedtekt kan ta inn bestemmelser som regulerer bruk og parkering av motorkjøretøyer og camping, telting mv. i offentlige parker, grøntarealer, friområder o.l. Da dette synes å være forhold som vil være aktuelle for flere kommuner, har direktoratet valgt å ta inn en standardisert formulering.

§ 2-4 er en ny bestemmelse som gir adgang til å forby eller sette vilkår tiggings. Hjemmelen for slik regulering ble tatt inn i politiloven § 14 første ledd nr. 8 ved lovendring av 20. juni 2014 nr. 48.

Kapittel 3. Sikring av ferdselen

Kapittelets bestemmelser er omplassert av regeltekniske hensyn. §§ 3-3 og 3-4 er bestemmelser der politiet kan forby en bestemt aktivitet, §§ 3-5, 3-6 og 3-7 krever tillatelse fra eller melding til politiet, mens §§ 3-8 og 3-9 inneholder plikter som hviler på den enkelte eier eller ansvarlige.

§ 3-2 om dyr er flyttet fra tidligere kapittel VII til kapittel 3, da bestemmelsen må ses i lys av sikringshensyn.

Kapittel 4. Renhold på offentlig sted

Det er foretatt en regelteknisk endring i kapittelet for å skille mellom de ordinære plikter som påhviler eier og de plikter som kun kan pålegges eier dersom kommunen kan dokumentere at det foreligger lokal etablert sedvane i nærmere angitte områder. Bestemmelser som krever slik dokumentasjon fremgår nå av § 4-4. Dette innebærer ingen realitetsendring av innholdet i kapitlet.

Kapittel 5. Hindre forsøpling og tilgrising

Kapittelet er videreført uten vesentlige endringer.

Kapittel 6. Offentlige anlegg

Kapittelet er videreført uten vesentlige endringer.

Kapittel 7. Arrangementer på offentlig sted

§ 7-3 om barns tilgang til offentlig arrangement er flyttet til kapittel 7 fra tidligere kapittel IX om barn. For øvrig følger ingen realitetsendring av innholdet.

Kapittel 8. Pantelånervirksomhet

Nytt kapittel om pantelånervirksomhet som er hjemlet i politiloven § 14 nr. 7. Forholdet er ikke lengre regulert i annen lovgivning og det anses hensiktsmessig å innta en standardisert formulering som tidligere er stadfestet.

Kapittel 9. Forskjellige bestemmelser

§ 9-3 er en ny bestemmelse som gir kommunen adgang til å håndheve paragrafens angitte bestemmelser i politivedtekt. Kommunens adgang til slik håndheving er nå hjemlet i politiloven § 14 tredje ledd ved lovendring av 17. desember 2010 nr. 87.

Bestemmelser som ikke er videreført

Tidligere § 5 annet ledd om forbud mot å bære ladd skytevåpen på offentlig sted, da forholdet i dag reguleres av straffeloven (2005) § 189.

Tidligere § 21 tredje ledd, §§ 23 – 25 om forhold knyttet til hund og hundehold, da

Kommunen eller bystyret sitt endelege vedtak om ny eller endra politivedtekt sendast deretter direkte til Politidirektoratet for legalitetskontroll, stadfesting og kunngjering i Norsk Lovtidend. Det er ikkje lenger eit krav at politivedtekta må sendast til Fylkesmannen. Når Politidirektoratet har stadfesta ei lokal vedtekt, sendast ein kopi til Fylkesmannen til orientering.

Politivedtekter omhandlar reguleringar som dannar delar av grunnlaget for utøvinga av polititenesta. Vedtekta er difor ikkje gyldig før det er gjort ein legalitetskontroll av innhaldet. Politilova § 14 fyrste ledd gjev Justis- og beredskapsdepartementet fullmakt til å delegere stadfesting av politivedtekter til anna statleg organ. Slik stadfestingsmyndighet blei delegert til Politidirektoratet ved Justis- og beredskapsdepartementets forskrift av 16. november 2000 nr. 1151, med ikraftsetjing 1. januar 2001.

Ved oversending til Politidirektoratet skal følgjande dokument bli sendt:

- vedtekta som skal stadfestast
- ei utgreiing av sakshandsaminga kommunen har gjort av vedtekta
- ei oversikt over høyringsinstansar
- korleis vedtekta har vore gjort tilgjengeleg for innbyggjarane
- resultatet av høyringa og om det er gjort endringar som følgje av høyringa
- medverknaden frå politiet i arbeidet

Ved Politidirektoratets legalitetskontroll av politivedtekt, er det først og fremst snakk om redaksjonelle eller språklege endringar. Innhaldet i politivedtekta kan ikkje endrast utan at spørsmålet først er behandla på nytt i kommunen. Det vil då vere naudsynt å sende saka tilbake til kommunen for ny behandling. Legalitetskontrollen kan likevel innebære at enkelte føresegner ikkje blir stadfesta, t.d. på grunn av at tilhøvet er regulert i anna lovgjeving eller at det ikkje er heimel for å regulere forholdet.

Ei ny politivedtekt vil tre i kraft ein månad etter at den er stadfesta av Politidirektoratet.

Klage

Klage over vedtaket frå politiet som er fatta med heimel i politivedtekt skal sendast til Politidirektoratet. Dette gjeld likevel ikkje påbod frå politiet om å halde ved lag den alminnelege ro og orden, jf. forvaltningslovsforskrifta av 15. desember 2006 nr. 1456 § 30, eller avgjerder om påtalespørsmål.

Klage over vedtak frå kommunen jf. normalpolitivedtekta § 9-3 om kommunal handheving, skal sendast til kommunen som har fatta vedtaket.

Eksisterande politivedtekter er framleis gjeldande inntil dei er erstatta av nye vedtekter såframt dei ikkje strider mot føresegnene i politilova, jf. politilova § 31 andre ledd.

KAPITTEL 1. ALLMENNE FØRESEGNER

§ 1-1. Offentleg stad

Med offentlig stad er det meint gate, veg, fortau, sti, medrekna gang- og sykkelveg, park, torg e.l., plass, bru, bryggje, kai, strand, anlegg eller anna stad der det er allmenn ferdsel eller som er bestemt for allmenn ferdsle.

Merknad

Omgrepet offentlig stad har det same innhald som tidlegare, jf. straffelova (20. mai 2005 nr. 28) § 10 fyrste ledd, dvs. stad der folk flest ferdast. Som før har ein funne det praktisk å gjere ei opprekning av typiske stader som er offentlege. I nokre kommunar kan det vere tenleg å ta med område som ikkje er nemnde her, medan t.d. kai eller bryggje ikkje er aktuelt i andre kommunar.

§ 1-2. Ansvar og plikter for festar, brukar, leigar eller styrar av hus eller grunn

Dei plikter som er lagt på eigar av hus eller grunn, kviler også på den som festar, brukar, leigar eller styrer eigendomen.

Merknad

Ein minner om at ein leigetakar som til dømes leiger ein del av eit større hus, ikkje er forplikta etter denne føresegna. Føresegna tilsvara § 2 i tidlegare normalpolitivedtekter og inneberer ingen realitetsendring.

KAPITTEL 2. ORDEN PÅ OFFENTLEG STAD

§ 2-1. Ro og orden på offentlig stad

På eller like attmed ein offentlig stad må ingen vere med i oppløp, samanstimling, larm eller bråk som forstyrrar den allmenne orden eller ferdsel.

Den som ferdast på eller like attmed offentlig stad pliktar å halde nattero mellom kl. 23.00 og 06.00.

Dersom mange menneske samlar seg ved inngangen til forsamlingslokale, sports plass, utsalsstad, haldeplass e.l., skal dei stå i kø og elles rette seg etter dei pålegg som politiet eller arrangøren gjev for å halde ved lag den allmenne orden eller regulere ferdsla.

Merknad

Føresegna er endra ved at det er lagt til eit nytt andre ledd. Føresegna er teke inn for å gje ei standardisert formulering og plassering og er ofte stadfesta i fleire av vedtektene til kommunane. Føresegna er meint å vareta omsynet til personar som bur nær musikk og feststøy. Det er inga hindring for at det kan søkjast til politiet om dispensasjon dersom det skal arrangerast festivalar eller andre arrangement.

Føresegna supplerer straffelova (20. mai 2005 nr. 28) § 181, som rettar seg mot slagsmål, bråk eller anna utilbørleg åtferd. Ei viss interesse har også forskrift om køyrande og gåande trafikk av 21. mars 1986 nr. 747 § 19 om særlege føresegner for gåande.

§ 2-2. Køyring, camping mv i parkar, grøntareal, friområda o.l.

I offentlege parkar, grøntareal, friområde, på, ved eller under vegar eller plassar i tettbygd strøk er telting, camping e.l. forbode, med mindre anna kjem fram av skiltinga på staden.

I offentlege parkar, grøntareal og friområde er det forbode å køyre og parkere motorkøyetøy, med mindre noko anna går fram av skiltinga på staden.

Merknad

Stadig fleire kommunar har ynskt ei mogelegheit til å ta inn i politivedtekt ein åtgang for å handheve uynskt aktivitet på offentlege stadar i tettbygd strøk. Heimelsgrunnlaget for å ta dette inn i politivedtekt er omsynet til ro og orden, då dette rettar seg både mot uynskte aktivitetar som camping, telting, o.l. i offentlege parkar, friområde osv. som vil

avgrense moglegheita for allmenta til å nytte slike område, medrekna hindring av forsøpling og utryggleik. Vidare er det grunngeve i at motorferdsel i slike område fører til unødvendig støy og belastning på områda.

Det er kommunen som gjennom skilting eller på anna måte har ansvaret for å regulere forhold rundt bruk og aktivitetar på offentleg stad som parkar, friområde, plassar o.l. Føresegna gjer ingen endring i ansvaret til kommunen. Ein del kommunar har ynskt at slik handheving kan gå inn i den lokale politivedtekta, men då politilova § 14 ikkje gir heimel for at det i politivedtekt kan bli gitt pålegg om å innhente tillating frå anna myndigheit enn politiet, har ein i staden teke inn føresegner som pålegg kommunen å skilte bruken av slike område. Regelen er ikkje meint å gjere endringar i moglegheita kommunen har til å tildele køyretillating til personell som treng dette for å kunne utføre sine arbeidsoppgåver eller å ta imot og innvilge søknadar frå personar om tillating til bruk eller ferdsle på slike område. Det er ein føresetnad om at friområde som ligg til grunn som allment tilgjengeleg for motorkøyretøy, blir skilta med forbodsskilt dersom det ikkje skal vere tilgjengeleg å køyra eller parkere der.

§ 2-3. Framvising og andre publikumsretta aktivitetar

Den som på eller ut mot offentlig stad vil opptre eller utføre andre publikumsretta aktivitetar, må på førehand gje melding til politiet, uavhengig av om aktivitetatne skjer ved bruk av høgtalar o.l.

Det same gjeld den som på eller i nærleiken av offentlig stad ynskjer å bruke gåande, køyrande eller flygande reklame.

Merknad

Føresegna tek sikte på å fanga opp tilfelle som ikkje blir dekt av politilova § 14 nr. 3 og 4, jf. § 11, og er i sitt innhald ei vidareføring av tidlegare normalpolitivedtekt § 4. Føremålet med meldeplikta er behovet politiet har for å oppretthalde ro og orden, samt sikre ferdsel og framkomelegheit på offentlig stad.

Pengeinnsamling vil inngå i fyrste ledd. Det er etter lovendringa i politilova § 14 fyrste ledd nr. 8 av 20. juni 2014, ikkje lenger åtgang til å regulere pengeinnsamling utover dette. Ein slik åtgang er no erstatta med åtgangen til å regulere tigging. For ei nærmare skildring av skilnaden mellom pengeinnsamling og tigging, sjå merknaden til § 2-4.

Det kan ikkje setjast krav om å henta inn godkjenning frå kommune i politivedtekter, då det i politilova § 14 ikkje ligg føre heimel for å hente inn løyve frå andre styresmakter enn politiet.

§ 2-4. Tigging

Tigging på offentlig stad eller frå hus til hus er forbode

eller

tigging på offentlig stad eller frå hus til hus, kan berre skje etter at det først er sendt melding til politiet som kan setja vilkår om tid og stad for tigginga,

eller

tigging på offentlig stad eller frå hus til hus, kan berre skje etter at det først er sendt melding til politiet

Merknad

Føresegna gjev tre alternative ordlydar dersom kommunen ynskjer å regulere tigging i politivedtekt. Åtgangen til å forby eller setje vilkår for tigging i politivedtekter, blei teke inn i politilova § 14 fyrste ledd nr. 8 ved lovendring av 20. juni 2014 nr. 48. Vilkåra kan vere avgrensing i tid og stad, eventuelt meldeplikt til politiet.

I. Prop. 83 L (2013-2014) «Kapittel 8. Merknader til bestemmelsen» kjem det fram at:

«Begrepet tigging, omfatter situasjoner der noen ber andre om penger som mottakeren skal bruke på seg selv, sine nærmeste eller på en mindre gruppe personer eller et miljø som mottakeren selv er en del av. Det kan med andre ord ikke være for stor nærhet mellom innsamler og mottaker av pengene (eller en situasjon hvor det er grunn til å tro at mottakeren indirekte vil tilgodese seg selv, sine nærmeste eller det miljøet vedkommende er en del av). Innsamlinger til humanitære og allmenntilgittige formål faller utenfor, ikke bare når det er registrert i innsamlingsregisteret, men også i andre tilfeller. Skoleklasser som samler inn penger til turer vil eksempelvis ikke kunne rammes av et forbud mot tigging i sin kommune.

En kunstnerisk forestilling på offentlig sted som etterfølges av aktivt og pågående innsamlingsvirksomhet hvor den enkelte tilskuer avkreves penger vil ofte måtte anses som tiggning. På samme måte vil pågående salg av relativt verdiløse gjenstander som ikke har noen tilknytning til noen alminnelig kommersiell virksomhet eller et humanitært eller allmennyttig formål eller lignende omfattes av tiggerbergrepet.

Politiлова § 30 setter straff med bøter eller fengsel inntil tre måneder for den som overtrer bestemmelser gitt i medhold av § 14. Politidistriktene må ha retningslinjer om håndhevingspraksis for å sikre en lik reaksjonspraksis.»

Ved regulering av tiggning er det ein føresetnad om at vilkåra går fram av føresegna i den lokale politivedtekta.

§ 2-5. Farleg eller skremmande verksemd

På, ut over eller like attmed offentlig stad er det forbode:

1. å skyte med gevær eller anna skytevåpen, under dette paintball, softgun, boge, sprettert o.l.
2. å brenne av krut, fyrverkeri eller eksplosive stoff utan at politiet har gjeve løyve. Det er ikkje eit slikt krav om løyve for godkjent fyrverkeri som skal nyttast i tidsrommet 31. desember kl. 18.00 til 1. januar kl. 02.00.
3. å kaste eller sleppe stein, snøball eller anna som kan vere til skade eller ulempe for dei som ferdast der.

Merknad

Med samtykke frå politiet kan kravet om å henta inn løyvet til politiet fråvikast i lokal politivedtekt når det gjeld oppskyting av godkjent fyrverkeri på nyttårssafta. Føresegna er teke inn på bakgrunn av vedvarande praksis frå ei rekke kommunar.

Bruk av fyrverkeri i tett busetnad, nær tørr skog eller andre brannfarlege omgivnader er ikkje tillate utan at løyve frå brannsjefen også ligg føre, jf. forskrift av 15. desember 2002 nr. 922 om handtering av eksplosjonsfarleg stoff § 2-10. Utanfor slike område blir det lagt til grunn at det er tilstrekkeleg med løyvet frå politiet.

Lokal brannmyndigheit kan i alle tilfelle, gjennom eigne heimlar eller med heimel i eige lovverk, leggja ned forbod om bruk av krut, fyrverkeri eller eksplosive stoff. Det blir vist til at bruk av krut, fyrverkeri eller eksplosive stoff i alle tilfelle må skje innanfor ramma av brann- og eksplosjonsvernlova av 14. juni 2002 nr. 20.

Tidlegare andre ledd i normalpolitivedtekt av 1996 om å bere våpen på offentleg stad er teken ut, då tilhøvet blir regulert av strl. (straffelova 20. mai 2005 nr. 28) § 189.

KAPITTEL 3. SIKRING AV FERDSLÅ

§ 3-1. Hindringar

På eller ut over offentleg stad er det forbode å plassere eller montere noko som kan vere til hinder eller ulempe for ferdsla eller som hindrar fri sikt til trafikkskilt o.l.

Markiser eller anna som henger utover fortau, skal på det lågaste vere minst 2,5 meter over bakken.

Merknad

Veglova (21. juni 1963 nr. 23) §§ 30, 31 og 33 har føresegner om plassering av byggverk, innretningar, reklameskilt o.l., og reglar om fjerning av busker og vegetasjon langs offentlege vegar. Plan- og bygningslova (27. juni 2008 nr. 71) § 30-3 regulerer åtgangen til skilt- og reklameinnretningar, i det vesentlege basert på omsyn av estetisk karakter. Det kan vere behov for å supplere føresegnene slik at det blir lagt til rette for ein raskare reaksjon, då behandlingstida for fjerning av ulovlege oppsette skilt etter plan- og bygningslova § 32-7 eller tvangsfullbyrdelseslova (26. juni 1992 nr. 86) kan vere lang. Dette gjeld særleg der framkomelegheiten eller sikta er hindra eller der skiltet representerer ein fare for skade på person eller eigedom.

Grensa for høgda er ikkje absolutt og kan tilpassast lokale tilhøve og har samanheng med at det er tillate å sykla på fortau.

Endring av føresegna er av språkleg karakter og inneberer ingen realitetsendring av tidlegare normalpolitivedtekt § 6.

§ 3-2. Dyr

Det er forbode å la husdyr gå laus på eller ved offentleg stad utan forsvarleg tilsyn.

Merknad

Føresegna supplerer beitelova (16. juni 1961 nr. 12) § 6 som set forbod mot å la husdyr gå laus på områder dei ikkje har åtgang til. Lova kan likevel ikkje tolkast som eit forbod mot å la husdyr opphalda seg på offentleg stad, slik at det er behov for å behalde føresegna i den nye normalpolitivedtekta. Kommunane bør likevel vurdere føresegna nærmare, m.a. kan det vere grunn til å la den gjelde i bestemte strøk. Framleis møter ein husdyr ved eller på offentleg veg e.l. fleire stader. Vidare blir det vist til veglova (21. juni 1963 nr. 23) §§ 44 og 48 om gjerde mot offentleg veg og grind eller ferist på offentleg veg.

Regulering av tilhøve knytt til hundehald må gjerast i medhald av hundelova (4. juli 2003 nr. 74) og kan såleis ikkje regulerast i lokal politivedtekt. Ei slik regulering må bli gitt i kommunal forskrift om hundehald. Tidlegare føresegner i normalpolitivedtekt om farlige hundar, bandtvang, sal og avlaving blei den 31. desember 2003 oppheva i den enkelte kommune si politivedtekt som følgje av ny hundelov (4. juli 2003 nr. 74). Sjå hundelova § 32 jf. politilova (4. august 1995 nr. 53) § 14, fyrste ledd nr. 1, andre punktum.

Det er ikkje heimel til å stadfesta pålegg om å fjerna dyreekskrement, sjå merknad til § 5-1.

Andre ledd om sirkusdyr eller ville dyr er ikkje vidareført då den ikkje lenger blir sett på som relevant.

§ 3-3. Aktivitetar

Politiet kan forby kvar einaste form for sport, leik eller spel på bestemt offentleg stad når dette er påkravd av omsyn til ferdsla eller den alminnelege orden.

Merknad

Eit slikt føresegn kan delvis gå inn under ramma til vegtrafikklova (18. juni 1965), men praktiske grunnar og omsynet til den alminnelege handhevinga av orden tilseier at politiet bør ha kompetanse til å gje slike føresegner, forankra i reint lokale tilhøve.

Vidare blir det vist til friluftslova (28. juni 1957 nr. 16), særleg § 2 om den frie ferdsleretten i utmark og dei avgrensingane som kan påleggjast av grunneigar og kommunen.

At eit forbod gjeld på bestemt offentleg stad betyr at forbodet ikkje skal bli gitt generelt, men at det må gjerast ei konkret vurdering av tilhøvet på den enkelte stad. Det er ikkje heimel i politivedtekt for å leggja ned generelle forbod mot nemnde aktivitetar på offentleg stad.

Føresegna er i det vesentlege ei vidareføring av tidlegare normalpolitivedtekt § 7. Andre ledd har blitt teke ut då aktivitetane blir dekt av fyrste ledd.

§ 3-4. Ferdsel på islagt vatn eller sjø

Politiet kan av tryggleiksgrunnar forby eller gje regulerande føresegner for ferdsla på islagt vatn eller sjø.

Merknad

Føresegna er ei vidareføring av tidlegare normalpolitivedtekt § 14.

§ 3-5. Sperring av offentleg stad

Krev byggjearbeid e.l. at fortau, gate, veg eller et anna offentleg stad blir heilt eller delvis sperra for eit avgrensa tidsrom, lyt ein på førehand søkje løyve frå politiet, som kan setje nærare vilkår.

Merknad

Føresegna har ny overskrift og er ei vidareføring av tidlegare normalpolitivedtekt § 8.

§ 3-6. Byggjeverksemd mv.

Reising, riving eller reparasjon av bygning, graving eller anna arbeid på eller ut mot offentleg stad der det kan bli fare for ferdsla, skal på førehand meldast til politiet. Politiet kan fastsette korleis arbeidsstaden skal sperrast og krevje andre tryggileikstiltak til vern for publikum.

Merknad

Krav om sikringstiltak er heimla i plan- og bygningslova (27. juni 2008 nr. 71) § 28-2, men føresegna inneheld ikkje pålegg om meldeplikt til politiet. Veglova (21. juni 1963 nr. 23) § 57 forbyr graving, sprenging, trehogst og andre inngrep på offentleg veg eller innretning som høyrer til offentleg veg.

Føresegna har ny overskrift med oppdaterte lovtilvisingar og er ei vidareføring av tidlegare normalpolitivedtekt § 10.

§ 3-7. Sprengingsarbeid

Sprenging på eller like attmed offentleg stad skal på førehand meldast til politiet, som kan påby særlege tryggileikstiltak.

Merknad

Den som skal bruka eksplosjonsfarleg stoff må ha sertifikat eller godkjenning ut frå forskrift av 26. juni 2002 nr. 922 om eksplosjonsfarleg stoff § 10-1, jf. brann- og eksplosjonslova (14. juni 2002 nr. 20).

Føresegna er ei vidareføring av tidlegare normalpolitivedtekt § 9.

§ 3-8. Vedlikehald av bygning mv.

Ved vedlikehald av bygningar mv. på eller ut mot offentleg stad pliktar den ansvarlege for arbeidet med ein gong å setje opp avvisarar som gjer det tydeleg at det er farleg eller til ulempe å ferdist der.

Merknad

Plan- og bygningslova (27. juni 2008 nr. 71) § 28-2 inneheld naudsynte tryggileikskrav ved bygningsmessige arbeider generelt, medan § 28-5 gjeld sikringstiltak på areal som det ikkje er bygd på. Oppheising og nedfiring av varer og gjenstandar er ikkje nemnt i samband med bygningsarbeid. I den utstrekking det blir nytta arbeidstakarar, vil arbeidsmiljølova (17. juni 2005 nr. 62), særleg kapittel 4, koma til bruk.

Føresegna er ei vidareføring av tidlegare normalpolitivedtekt § 11.

§ 3-9. Fare for ras frå tak

Når det er fare for at snø eller is kan falle ned frå hustak mot offentleg stad, skal eigaren straks setje opp avvisarar som gjer det tydeleg at ferdsla er forbunde med fare eller ulempe, og snarast syte for at taket blir rydda.

Merknad

Det er sett på som naudsynt at huseigar har ei slik plikt, då han er den nærmaste til å forhindra snøras e.l. som kan forårsake skade. Det blir vist til Høgsteretts avgjerd frå 1959 (Rt-1959-578), der ein huseigar blei dømd for brot på Oslo kommunes politivedtekt § 25 om oppsetting av avvisarar mot snøras.

Kommunen kan, dersom den finn det påkravd, setje ein frist for når taket skal vere rydda. Ein slik regel har blant anna vore stadfesta i politivedtekt for Oslo, Tromsø og Kristiansund: «Avvisere skal fjernes senest etter 7 dager med mindre eieren kan dokumentere lenger ventetid på rekvirert bistand til takrydding».

Føresegna er ei vidareføring av tidlegare normalpolitivedtekt § 12.

§ 3-10. Fjerning av sperrar

Avsperringar, avvisarar og liknande innretningar blir fjerna når det arbeid som er nemnt i §§ 3-6, 3-7 og 3-8 er utført, eller faren eller ulempe som er nemnt i § 3-9 ikkje lenger er til stades.

Merknad

Føresegna er ei vidareføring av tidlegare normalpolitivedtekt § 13.

KAPITTEL 4. REINHOLD PÅ OFFENTLEG STAD

§ 4-1. Reingjering av lys- og luftegraver

Eigar av hus eller grunn mot offentleg stad pliktar å sørge for reingjering av lys- og luftegraver som er i beinveges nærleik til eigedomen.

Reinholdet skal gjerast slik at det blir til minst mogleg ulempe.

Kloakksluk må ved reinhold ikkje tilførast oppsop e.l.

Merknad

Føresegna er ei vidareføring av tidlegare normalpolitivedtekt § 15, forutan dei plikter som krev dokumentert lokal sedvane. Desse er no samla i normalpolitivedtekt§ 4-4.

§ 4-2. Rydding av snø etter ras frå tak

Eigar av hus eller grunn mot offentleg stad pliktar etter ras frå tak å rydde fortauet utanfor eigedomen for snø og is.

Merknad

Føresegna er ei vidareføring av tidlegare normalpolitivedtekt § 16, forutan dei plikter som krev dokumentert lokal sedvane. Desse er no samla i normalpolitivedtekt § 4-4.

§ 4-3. Avlaup for vatn

Eigar av hus eller grunn mot offentleg stad skal sørge for at avlaup for vatn i fortau, rennestein, grøft e.l. blir haldt open.

§ 4-4. Plikta eigaren har i samsvar med lokalt etablert sedvane til reinhold m.m. av fortau (må gå ut frå lokal sedvane)

Eigar av hus eller grunn, jf. § 1-2, mot offentleg stad pliktar å:

1. sørge for reinhold av fortau og rennestein
2. rydde fortauet for snø etter snøfall
3. strø fortau når det er glatt

Føresegna gjeld berre fortau i beinveges nærleik til eigedomen.

Merknad

Føresegna er ny og gjeld berre dei plikter som kan påleggjast på grunnlag av ei allereie etablert lokal sedvane. Det er meint å synleggjere at kommunen ikkje kan ta inn føresegna i si politivedtekt utan at slik sedvane er dokumentert.

Kommunen må dokumentere ovanfor Politidirektoratet at det fins ein lokal sedvane for den enkelte plikta som ein ynskjer stadfesta, jf. politilova § 14 nr. 2. For kommunar som har ei lokalt etablert sedvane, vil plikta og avgrensinga av området der plikta gjeld, som regel kome fram av gjeldande politivedtekt for kommunen. Det er ikkje anledning til å utvide verkeområdet til plikta.

KAPITTEL 5. HINDRE FORSØPLING OG TILGRISING

§ 5-1. Hindre forsøpling og tilgrising

På, ut over eller i beinveges nærleik til offentleg stad er det forbode:

1. å kaste avfall, under dette glas, flasker, spikar, papir, tyggjegummi og tobakksprodukt
2. å grise til med måling, tusj, sprayprodukt e.l. på overflate mot offentleg stad, under dette på eller ved bygning, gate, veg, park, anlegg, innretningar og transportmiddel
3. å henge opp kunngjeringar, plakatar e.l., utan tillating frå politiet. Dette gjeld ikkje oppslag på tavler e.l. som er godkjent av kommunen til slikt bruk, eller oppslag på eigedom om forhold som berre vedkjem eigendomen eller næringsverksemd til dei som disponerer eigendomen.

Det er forbode å rive, skade eller skjemme oppslag som er lovleg sett opp.

Oppslag skal fjernast når dei er forelda.

4. å urinere utandørs i tettbygd strøk eller på stader der det kan verke sjenerande på andre.

Merknad

Veglova (21. juni 1963 nr. 23) § 57 nr. 3 set forbod mot t.d. å kaste søppel på og ved offentleg veg. Vidare inneheld forureiningslova (13. mars 1981 nr. 6) § 28 eit totalforbod mot å tømme, leggje frå seg, oppbevare eller transportere avfall på slik måte at det kan verke skjemmande eller vere til skade eller ulempe for miljøet. Politivedtektene bør kunne innehalde praktisk viktige reglar med sikte på å oppretthalde eit godt lokalmiljø. Politivedtektene bør til dømes kunne forby flaskeknusing og plakatar utan at det er naudsynt å gå inn på forholdet til annan lovgjeving.

Bakgrunnen for nr. 2 er omfattande tilgrising i form av «tagging», skjemmande plakatklistring o.l., som folk på visse stader dagleg blir utsett for.

Føresegner om fjerning av hundeeskrement må regulerast i medhald av hundelova (4. juli 2003 nr. 74) og kan såleis ikkje bli teke inn i lokal politivedtekt. Ei slik regulering må bli gitt i kommunal forskrift om hundehald.

§ 5-2. Rydding ved kiosksal, arrangement o.l.

Den som driv med sal frå kiosk, uteservering, gatesal eller anna liknande næringsverksemd på eller ut mot offentleg stad, skal sørge for at området ikkje blir skjemt eller skitna til av verksemda, og pliktar å sørge for at det blir satt opp tilstrekkeleg tal med korgar for avfall. Rett etter stengjetid pliktar verksemda å rydde området og fjerne avfall som skyldast aktivitetar frå verksemda.

Den som arrangerer tilstelling på offentleg stad, skal sørge for at papir og anna avfall blir fjerna etter arrangementet.

Merknad

Fullmaktsregelen i politilov § 14 byggjer m.a. på at politivedtektene ikkje bør regulere tilhøve som er uttømmende regulert i eller i medhald av annan lovgjeving, eller der andre styresmakter har overteke det faglege ansvar. Praksis har likevel ikkje vore heilt konsekvent.

Det finst i dag føresegner i fleire lover som set forbod mot ulike typar av forsøpling og tilgrising, m.a. i forureiningslova (13. mars 1981 nr. 6) § 28 og veglova (21. juni 1963 nr. 23) § 57 nr. 3. Desse spreidde føresegnene er primært knytt til visse føremål, og ein har kome til at politivedtektene bør kunne innehalde ein særskilt heimel for å kunne gje praktisk viktige reglar med sikte på å sikre eit godt lokalmiljø, utan at det er naudsynt å gå inn på tilhøvet til anna lovgjeving.

Innhaldet er ei vidareføring av tidlegare normalpolitivedtekt § 20. Føresegna har ny tittel og det er tilført ei setning i fyrste ledd om rydding etter verksemdas stengjetid. Føresegna gjeld og omreisande verksemd.

KAPITTEL 6. OFFENTLEGE ANLEGG

§ 6-1. Kyrkjegard og gravplass

På kyrkjegard og gravplass er det forbode å sykle, ake, drive sport, leik eller anna som ikkje sømer seg der.

Det er forbode å trengje seg inn på kyrkjegard når den er stengd for besøk.

Merknad

Tredje ledd om laus hund på kyrkjegard er tatt ut, då det ikkje lenger er heimel i politilova § 14 for å regulere tilhøve knytt til hund og hundehald i politivedtekte.

Åtferd på gravplass er òg regulert i forskrift til lov om gravplassar, kremasjon og gravferd av 10. januar 1997 nr. 16. Straffelova (20. mai 2005 nr. 28) § 268 vil under visse omstende kunne brukast mot personar som treng seg inn på kyrkjegard eller gravplass.

KAPITTEL 7. ARRANGEMENT PÅ OFFENTLEG STAD

§ 7-1. Søknadsplikt for arrangement på offentlig stad

Den som på offentlig stad vil lage til arrangement som hovudsakleg er av underhaldande, kunstnarisk, selskapeleg eller kommersielt slag, òg som har ein storleik som vil føre til behov for omfattande reguleringar av ferdsla eller vakthald, må søkje om dette innan ein frist som politiet set.

Politolova § 11 gjeld tilsvarande.

Merknad

Åtgang til demonstrasjonar, opptog, møter, stand e.l. er regulert i politilova § 11. Dette er arrangement som fell inn under åtgangen til ytringsfridomen og som i sin heilskap fell utanfor rammene av politilova § 14. Det ligg difor ikkje føre heimel for å regulere slike arrangement i lokal politivedtekt.

§ 7-2. Meldeplikt for allment tilgjengelege arrangement

Den som vil halde eit arrangement som er allment tilgjengeleg, må i god tid forut for arrangementet sende melding til politiet, når arrangementets art eller storleik gjer det sannsynleg at politioppsyn blir naudsynt av omsyn til ro og orden eller avvikling av trafikken. Dette gjeld også når arrangementet ikkje skjer på offentlig stad.

Meldeplikta gjeld òg samankomst eller tilstelling som hovudsakleg er av selskapeleg eller underhaldande art for medlem av ei foreining e.l. samanslutning.

Politolova § 11 gjeld tilsvarande.

Merknad

Sjå merknad til § 7-1.

Føresegnene gjeld arrangement og samankomstar, og blir sett på som eit tillegg til politilova § 11 (arrangement på offentlig stad mv.). Meldeplikta kan ved kommunal politivedtekt utvidast til også å omfatte arrangement med allment tilgjenge på privat område eller tilsvarande, når vilkåra i lova elles er til stades.

Meldinga skal til vanleg vere skriftleg og leverast i god tid på førehand og innehalde opplysningar om føremålet med arrangementet, omfanget, den ansvarlege arrangør, tidspunkt, avviklingsstaden, avviklingstidspunkt og dei ordenstiltak arrangøren vil setje i verk, t.d. oppretting av ordensvern, jf. politilova § 11, andre ledd.

Når det gjeld større arrangement, slik som sportsstemner, større konsertar, festivalar, messer, karneval o.l., kan kommunen fastsetje at søknadsplikta skal oppretthaldast, med føresetnad om at vilkåra etter politilova § 14 nr. 4 ligg føre.

§ 7-3. Offentleg arrangement som barn har tilgang til

Barn under 15 år har ikkje åtgang til offentleg allment tilgjengeleg tilstelling utan at dei er i følgje med foreldre eller andre føresette.

Politiet kan gje dispensasjon ved tilstellingar som arrangeras spesielt for barn og unge under 18 år.

Merknad

Føresegna er flytta frå tidlegare normalpolitivedtekt kapittel IX om barn (§ 28).

Aldersgrensa blei satt for å harmonisere med aldersgrensa i politilova § 13, jf. ot.prp. nr. 22 (1994-1995). Ein føresetnad for endring av aldersgrensa er at det skjer ei lovendring i politilova.

Føremålet med føresegna er omsynet til varetaking av barn under 15 år ved arrangement som er opne for alle aldersgrupper. Medan politilova § 13 skal vareta barn på offentleg stad etter kl. 22.00, blir åtgangen til arrangement for barn her regulert utan ei tidsavgrensing.

Det blir vist til alkohollovgivinga når det kjem til arrangement med alkoholserving.

KAPITTEL 8. PANTELÅNARVERKSEMD

§ 8-1. Pantelånarverksemd

Den som har fått løyve til å drive pantelånarverksemd skal føre protokoll, autorisert av politiet, over alle lån og kjøp. Politiet kan setja nærare vilkår for verksemda.

Merknad

Politiets kontroll med pantelånarverksemd går fram av politilova § 14 fyrste ledd nr. 7. Føresegna var ikkje tatt inn i normalpolitivedtekta av 1996, då det blei antekt at pantelånarverksemd gjekk inn under lov om finansieringsverksemd av 10. juni 1988 (oppheva i lov av 22. desember 1999 nr. 105). I likskap med brukthandlarar søkjast pantelånarar utnytta til omsetjing av tjuvegods. For å motverke dette, blir det stilt krav om at pantelånarar fører protokoll over det gods dei tek inn og at politiet kan utføre rutinemessig kontroll med protokollane og gjenstandane. Det går fram av førearbeida til politilova, ot.prp. nr.22 (1994-1995) at politilova § 14 nr. 7 tek sikte på å bevare ein lovheimla åtgang til å gi forskrift for kontroll med pantelånarar av liknande innhald som forskrift etter handelslova (no brukthandellova).

KAPITTEL 9. YMSE FØRESEGNAR

§ 9-1. Forsøming av plikt

Forsømer nokon å utføre det vedkomande har plikt til etter vedtektene eller etter pålegg gjeve med heimel i denne, kan politiet la det utførast på vedkomandes kostnad.

§ 9-2. Straff

Brot på føresegner gjevne i vedtekta eller pålegg gitt i medhald av vedtekta, straffast etter politilova § 30 nr. 4, om ikkje tilhøvet kjem inn under eit strengare straffepåbod.

§ 9-3. Kommunal handheving

Kommunen kan handheve følgjande føresegner tatt inn i normalpolitivedtekta:

- § 3-1 Hindringar (kommunal handheving etter denne paragraf er avgrensa til gjenstandar e.l. på eller utover fortau.
- § 3-9 Fare for ras frå tak
- § 3-10 Fjerning av sperrer når arbeidet er ferdig/faren er over
- § 4-1 Reingjering av lys- og luftegraver
- § 4-2 Rydding av snø etter ras frå tak

§ 4-3 Avlaup for vatn

§ 4-4 Plikta eigaren har til reinhald m.m. av fortau (må gå ut frå lokal sedvane)

§ 5-1 Hindre forsøpling og tilgrising

§ 5-2 Rydding ved kiosksal, arrangement o.l.

Kan handhevas av () kommune med heimel i forskrift av 19. juni 2012 nr. 600 om kommunal handheving av politivedtekter, jf. politilova § 14 tredje ledd. () kommune kan ved brot på desse føresegnene også ilegga gebyr for brotet.

Merknad

Føresegna krev at kommunal handheving er teke avgjersle om av kommunen i samråd med politiet.

Ved lovendring av 19. juni 2010 fekk politilova § 14 eit nytt tredje ledd, som gir kommunen tilgang til å ta inn eit føresegn om at kommunen kan handheve nærmare bestemte føresegner i politivedtekta – kommunal handheving. Nærmare føresegner går fram av forskrift av 19. juni 2012 nr. 600 om kommunal handheving av vedtekter. Klage over gebyr frå kommunen for brot på føresegn nemnt i denne paragraf, blir sendt til kommunen, jf. forskrift om kommunal handheving av politivedtekt § 8.

Åtgangen kommunen har til å handheve brot på angitt føresegner i politivedtekta, kjem i tillegg til handhevingsmyndigheita til politiet. Det blir understreka at den som bryt desse føresegnene, ikkje risikerer dobbeltstraff. Dette inneber at dersom politiet har gitt vedkomande eit førelegg, kan ikkje kommunen gje same person gebyr for same brot, og omvendt.

§ 9-4. Iverksetjing

Denne vedtekt trer i kraft 1 månad etter at den er stadfesta av Politidirektoratet.

Frå same tid opphevast forskrift av (dd-mm-åå) nr. () om politivedtekt for () kommune, (fylke).

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@ssikt.no]
Sendt: 27.02.2018 10:04:19
Til: Lisbeth Moltu Espeseth
Tittel: Søknad om støtte til Krafftak mot kreft.

Fra: Petter Spolen [<mailto:Petter.Spolen@kreftforeningen.no>]
Sendt: 21. februar 2018 11:22
Til: Postmottak Herøy
Emne: Søknad om støtte

Hei!

I dag vil 90 mennesker her i landet få beskjed av en lege at de har fått kreft. Beskjeden vi alle frykter! Hver tredje nordmann vil oppleve å få kreft i løpet av livet. Enda flere vil oppleve å bli pårørende. Vi kjenner alle noen Kreftforeningen jobber for at færre skal få kreft og at flere skal overleve, samtidig ønsker vi at alle de som blir rammet skal få en så god livskvalitet som mulig.

Krafftak mot kreft er Kreftforeningens årlige innsamlingsaksjon, som i perioden 2.-16. mars vil arrangeres for 13. gang i år. Mer enn 25.000 bøssebærere vil være i sving i løpet av denne perioden. Vi håper at deres kommune har lyst til å være med å støtte aksjonen.

Vedlagt finner dere en søknad om støtte til årets aksjonen

Med vennlig hilsen
Kreftforeningen

Petter Spolén
Aksjonsleder



KREFTFORENINGEN
Distriktskontor Trondheim
Prinsens gate 32, 7011 Trondheim
Postboks 6008 Sluppen, 7434 Trondheim
Mobilnr: 930 80 263 Sentralbord: 21 49 49 21
www.kreftforeningen.no

Fakturaer sendes på e-post til 4350@invoicecenter.net

[Bli medlem – sammen skaper vi håp](#)





KRAFTTAK MOT KREFT
KREFTFORENINGEN

Til ordfører i Herøy kommune,

SØKNAD OM STØTTE TIL KREFTFORENINGENS INNSAMLINGSAKSJON 2018

Kreft er en av de vanligste dødsårsakene i Norge, med nesten 11 000 dødsfall i 2016. En av tre rammes av sykdommen i løpet av livet, og resten av oss rammes som pårørende.

Krafttak mot kreft er Kreftforeningens årlige innsamlingsaksjon og i 2018 er det 13. året vi gjennomfører aksjonen. Dette er en dugnad i hele landet der målet er å samle inn penger til kreftsaken, en sak som angår oss alle.

Vår viktigste samarbeidspartner er russen som stiller med masse engasjement og som bøssebærere år etter år. Hele 54 videregående skoler i Trøndelag og Møre og Romsdal er med på årets aksjon. Vi får også hjelp av folkehøgskoler, frivilligsentraler og andre lag og foreninger. Vi er så stolte og takknemlige for alle som vil bidra.

I år ønsker vi å engasjere hele regionen til et krafttak mot kreft. I den forbindelse søker vi om støtte fra Herøy kommune på 1 krone per innbygger eller en valgfri sum. Vi håper dere vil hjelpe oss til å nå årets innsamlingsmål for Midt-Norge, som er på 7,2 millioner kroner.

Formål og tema

Hvert år løfter vi frem et tema som vi ønsker å sette mer fokus på, tema for Krafttak mot kreft 2018 er *senskader - kreftfri, men ikke frisk*.

Mer enn en kvart million nordmenn lever med eller etter kreft. Moderne kreftbehandling gjør at stadig flere blir friske og lever lenger med sin kreftsykdom nå enn tidligere, men dessverre er ikke kreftfri alltid det samme som frisk. En tredjedel av de som behandles for kreft, opplever en eller flere former for senskader etter behandling. Årets innsamlingsaksjon handler om disse menneskene.

Pengene går til forskning som gir oss mer kunnskap om nye behandlingsmetoder som er tøffere mot kreften, men snillere mot kroppen, og til tilbud som kan gjøre hverdagen lettere for de som lever med senskader.

Aksjonen forgår i uke 10 og 11. For mer informasjon, besøk nettsiden vår: www.krafttakmotkreft.no
Håper på en positiv tilbakemelding.

Med vennlig hilsen,

Eva Faanes, Distriktsjef Kreftforeningen Trondheim

Støtte kan gis på konto: Krafttak mot kreft 1503.07.66056, merkes: 461099 eller be oss om å få tilsendt faktura. Dere kan også støtte via digital innsamling: <http://innsamling.kreftforeningen.no/krafttakmotkreft2018/5-7985>

Ta gjerne kontakt hvis dere har spørsmål. Petter Spolén, aksjonsleder, mobil: 930 80 263

SEKRETARIAT

Herøy kommune
Pb. 274
6099 FOSNAVÅG

HO
Arlov

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr	Saksbeh.
- 2 FEB. 2018	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J nr	Dok nr
Kassasjon	

Vår ref.: 2017/5163 -29- 4243/2018
RSR

Dykkar ref.:

Dato: 29.01.2018

Signert avtale - Delavtale 4 - Samarbeid om døgntilbud for øyeblikkelig hjelp

Vedlagt oversendes signert delavtale 4 til samhandlingsavtalen.

Vennleg helsing



Randi Spjelkavik Ramnefjell
konsulent

Samarbeid om døgntilbud for øyeblikkelig hjelp

Kommunene har satt i verk døgntilbud for øyeblikkelig hjelp innen somatikk. Fra 01.01.2017 er tilbudet utvidet til også å omfatte pasienter med psykisk helse og rusmiddelproblemer. Det er Helsedirektoratet sin veileder, sist revidert 04/2016, som ligger til grunn for denne delavtalen.

1. Formål

Denne delavtalen er et overordnet virkemiddel for å bidra til samarbeid mellom kommunene i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF om etablering og drift av kommunalt tilbud om øyeblikkelig hjelp døgnopphold til personer med behov for øyeblikkelig hjelp. Tilbudet som etableres i kommunene skal være like godt eller bedre enn tilsvarende tilbud i spesialisthelsetjenesten. Dette tilbudet skal også bidra til å redusere antall øyeblikkelig hjelp innleggelses i spesialisthelsetjenesten og gi pasienten et godt faglig tilbud innenfor den kommunal helse- og omsorgstjeneste.

Partene skal samarbeide slik at pasientene får et fullverdig tjenestetilbud. Delavtalen skal sikre at det kommunale øyeblikkelig hjelp døgnoppholdstilbudet blir koordinert med tjenester og tiltak i den akuttmedisinske kjeden. Krav til forsvarlighet innebærer at spesialisthelsetjenesten ikke kan redusere sitt tilbud før tilsvarende tilbud i kommunene er etablert.

2. Virkeområde

Denne delavtalen omfatter partenes ansvar og oppgaver for etablering og drift av kommunalt øyeblikkelig hjelp døgnopphold.

Av helse- og omsorgstjenesteloven § 3-5 tredje ledd framgår det:

Kommunen skal sørge for tilbud om døgnopphold for helse- og omsorgstjenester til pasienter og brukere med behov for øyeblikkelig hjelp. Plikten gjelder kun for de pasienter og brukere som kommunen har mulighet til å utrede, behandle eller yte omsorg til.

I Helsedirektoratets veileder om kommunens plikt til øyeblikkelig hjelp døgnopphold framgår det side 8:

Med døgnopphold for øyeblikkelig hjelp menes det i forarbeidene til loven: «innleggelse av pasienter med behov for hjelp som er påtrengende nødvendig, og hvor innleggelsen ikke er planlagt på forhånd.» Kommunens plikt gjelder bare pasienter og brukere som det er forsvarlig at kommunen gir øyeblikkelig hjelp til. Kommunen vil i praksis kunne påta seg ansvar for utredning, behandling og omsorg ved de mindre alvorlige tilfellene av øyeblikkelig hjelp, forutsatt at de har den

nødvendige infrastrukturen og kompetansen. Tilbudet skal være et supplement til kommunens øvrige tjenestetilbud og ikke erstatte allerede etablerte tilbud.

Kommunenes plikt til å tilby døgnopphold for øyeblikkelig hjelp skal kun gjelde de pasient- og brukergruppene som kommunen selv har mulighet til å utrede, behandle og/eller yte omsorg til.

Fastlege, legevakt samt lege i akuttmottaket og poliklinikk kan etter avtale med ansvarlig lege ved kommunalt øyeblikkelig hjelp døgntilbud (ØHD), henvise pasienter dit. Der ansvarlig ØHD-lege ikke er tilgjengelig, skal avtale gjøres med den kommunale legevaktslegen/eller sykepleier som har fått delegert myndighet. Avtalen skal være inngått før transport til kommunal ØHD-plass blir startet. Adekvate innleggelsesopplysninger fra lege skal foreligge samtidig med pasienten ved innkost. Kriterier for innleggelse i det kommunale ø-hjelpstilbudet skal være oppfylt, jf. lokale avtaler med enkelte kommuner, helseforetak og Helsedirektoratets veileder.

Pasientene skal henvises til spesialisthelsetjenesten om de ikke kan få et forsvarlig tjenestetilbud i den kommunale helse- og omsorgstjenesten. Partene skal sikre at tilbudet om kommunal øyeblikkelig hjelp døgnopphold er koordinert med tjenester og tiltak i den akuttmedisinske kjeden.

3. Aktuelle pasientgrupper

3.1 Generelle inklusjonskriterier for ØHD-tilbud

Pasienter/pasientgrupper som kan være aktuelle for å benytte kommunalt øyeblikkelig hjelp døgntilbud er pasienter som har behov for øyeblikkelig allmenntilmedisinsk behandling og oppfølging på døgnbasis i en kortere periode. Disse kriteriene gjelder både for somatikk og psykisk helse og rus med følgende spesifiseringer:

- a) Pasienter med nyoppstått sykdom, men som får avklart diagnose og funksjonsnivå hos fastlege, legevakt eller akuttmottak, hvor risikoen for akutt forverring under oppholdet er liten, eksempelvis infeksjoner uten vesentlig systemisk påvirkning
- b) Pasienter som har akutt forverring av kjent tilstand med avklart diagnose og behandling
- c) Pasienter som har kjent sykdom hvor det skal gjøres planlagte tiltak og hvor døgnopphold er fordelaktig; eksempelvis palliativ og terminal omsorg og medikamentjustering ved kronisk smerteproblematikk
- d) Pasienter med avklarte infeksjonssykdommer med behov for oppstart av intravenøs antibiotikabehandling
- e) Pasienter med andre avklarte tilstander der pasienten må ha medisinsk behandling og som har behov for oppfølging, observasjon, omsorg, struktur og støtte i en kortere periode
- f) Pasienter med tilstander som kan avklares av lege med det som er tilgjengelig av utstyr og prøver i kommunalt øyeblikkelig hjelp døgn tilbud og som trenger oppfølging og observasjon i en kortere periode

3.2 Pasientgrupper som ikke er aktuelle

- a) Pasienter med akutt forverring av en kjent kronisk sykdom, der en vurdering av alvorlighetsgrad, komorbiditet (flere tilleggs sykdommer til primær sykdom) og funksjonssvikt tilsier innleggelse i spesialisthelsetjeneste.
- b) Pasienter med kroniske sykdommer og akutt funksjonssvikt hvor det kan være vanskelig å finne årsaksforhold, og hvor det er fare for rask forverring
- c) Pasienter med traumer med uavklart alvorlighetsgrad
- d) Pasienter som ut fra definerte pasientforløp (for eksempel hjerneslag eller hjerteinfarkt) skal innlegges i sykehus
- e) Pasienter hvor det foreligger en mulighet for at behandlingen kan bli forringet, eller at pasienten blir påført vesentlig mer eller forlenget lidelse
- f) Psykotiske tilstander, deliriose tilstander, tilstander preget av svær angst, depresjon hvor det kommunale tilbudet ikke er forsvarlig.
- g) Pasienter med alvorlig utagering-/voldsproblematikk og/eller redusert impuls kontroll
- h) Pasienter mer stor uro, irritabilitet, og forvirringstilstander
- i) Pasienter med selvmordsproblematikk og alvorlig selvskading.
- j) Pasienter med akutt eller uavklart påvirkning eller forgiftning (intoksikasjon) av rusmidler og/eller legemidler.
- k) Pasienter der tvang er nødvendig
- l) Barn (0-18 år) skal som hovedregel ikke legges inn ved kommunalt øyeblikkelig hjelp døgntilbud
- m) Pasienter for øvrig der det er tvil om det kommunale tilbudet er forsvarlig

4. Sentrale plikter, oppgaver og ansvar

Døgntilbudet for øyeblikkelig hjelp skal etableres i samsvar med retningslinjene fra Helsedirektoratet. For det enkelte tilbud skal det lages retningslinjer og/eller særavtaler som blant annet beskriver innleggelseskriterier, faglige krav til virksomheten som f.eks. organisering av lege og sykepleiertjeneste, kontaktinformasjon, rutiner for digital samhandling (delavtale 9) og fremgangsmåte for innlegging og utskriving.

4.1. Helse Møre og Romsdal HF

1. Skal ved behov bistå kommunen ved utforming av retningslinjer for øyeblikkelig hjelp tilbudet
2. Skal ha anledning til å uttale seg om kommunen sine retningslinjer.
3. Skal bistå kommunen ved nødvendig kompetanseoppbygging for å ivareta øyeblikkelig hjelp funksjonen
4. Skal gjennom sine leger gi råd til kommunene ved behov om behandling av enkeltpasienter ved øyeblikkelig hjelp tilbudet. Supplerende opplysninger av betydning for behandling av pasienten skal gis av øvrig helsepersonell.

4.2. Kommunen

1. Skal etablere et øyeblikkelig hjelp døgntilbud i samsvar med krav fra Helsedirektoratet og Helse- og omsorgstjenesteloven.
2. Skal utarbeide retningslinjer for tilbudet som mellom annet omfatter kriterier for innleggelse, faglige krav til virksomheten som organisering av lege- og sykepleiertjeneste, kontaktinformasjon og fremgangsmåte ved innleggelse.
3. Skal gi helseforetaket anledning til å uttale seg om innholdet i retningslinjene.
